



# KOMMUNAL PLANSTRATEGI



**BJØRNAFJORDEN  
Kommune  
2020-2024**

**Vedtatt i kommunestyret 15. desember 2020 (k-sak 174/2020)**

# INNHOLDSTYKKE

1. Kva er kommunal planstrategi?.....	3
1.1. Verktøy for betre kommunal planlegging .....	3
1.2. Organisering og prosess.....	3
2. Forventningar til kommunal planlegging .....	4
2.1 Nasjonale forventningar.....	4
2.2 Korleis arbeida med FN sine berekraftsmål i Bjørnafjorden? .....	5
2.3 Regional planstrategi – utviklingsplan for Vestland 2020-2024 .....	6
2.4 Lokale føringer.....	7
3. Utviklingstrekk, utfordringar og potensial i Bjørnafjorden .....	9
3.1 Kven er innbyggjarane våre? .....	9
3.2 Korleis brukar vi arealet vårt? .....	12
3.3 Korleis er dei økonomiske utsiktene våre? .....	14
3.4 Utfordringar i Bjørnafjorden – knytt til berekraftsmåla .....	15
3.4.1 Stoppa klimaendringane .....	15
3.4.2 Berekraftige tettstadar og lokalsamfunn .....	17
3.4.3 Nærings, innovasjon og infrastruktur.....	19
3.4.4 Treffsikre kommunale tenester .....	22
God helse og livskvalitet for alle, uansett alder.....	22
God utdanning og livslang læring for alle.....	24
4. Planbehov i perioden 2020-2024 .....	25
4.1 Medverknad i planarbeid .....	25
4.2 Plantypar og plansystem i Bjørnafjorden kommune .....	25
4.3 Politisk ansvar for kommunalt planarbeid .....	28
4.4 Kva planar treng vi i Bjørnafjorden 2020-2024? .....	29
VEDLEGG .....	33
1.Kjelder.....	33
2.Lenke til gjeldande planar pr. 2020.....	33

# **1. KVA ER KOMMUNAL PLANSTRATEGI?**

I plan- og bygningslova (PBL) § 10-1 er kommunal planstrategi lovfesta som verktøy for ønskt samfunnsutvikling i kommunane. Planstrategien skal

- utarbeidast minst ein gong i kvar valperiode – seinast innan eitt år etter konstituering av nytt kommunestyre
- vedtakast av kommunestyret
- vera retningsgjevande for kommunen si prioritering av planoppgåver
- både vera ein politisk drøftingsarena for å få til ønskt samfunnsutvikling og ei rettleiing for planarbeid for kommuneadministrasjonen

Bjørnafjorden er ein ny kommune, og vi har såleis ein unik sjanse til å gjera ting i rett rekkefølgje på planområdet. Det vil seia å først utarbeida planstrategien og deretter ta fatt på kommuneplanen med samfunnsdel og påfølgjande arealdel, som skal vera styrande for vidare arbeid med kommunedelplanar, sektor-/temaplanar, strategiar og handlingsplanar.

## **1.1. Verktøy for betre kommunal planlegging**

Kva planoppgåver bør kommunen starta opp eller vidareføra for å leggja til rette for ei ønskt utvikling i Bjørnafjorden? Planstrategien skal vera eit hjelpemiddel for kommunen til å styra samfunnsutviklinga i ønskt retning og få til ei betre og meir behovsstytt planlegging. Planstrategien skal sjå på utviklings-trekk i kommunen som samfunn og organisasjon, og dette skal danna grunnlaget for å vurdera planbehovet. Planstrategien skal òg ta for seg strategiske val knytt til samfunnsutvikling inkl. langsiktig arealbruk, miljøutfordringar og tenesteyting.

Eit viktig mål er å gje grunnlag for politisk prioritering av planoppgåver. Gjennom planstrategien skal kommunestyret i ein vanleg valperiode ta stilling til om gjeldande kommuneplan, eller delar av han, skal reviderast eller vidareførast utan endringar. Dette vil ikkje gjelda for Bjørnafjorden denne gongen. Første året som ny kommune har vi førebels eit strategidokument vedtatt av fellesnemnda 11. februar 2019, som gjeld fram til samfunnsdelen av kommuneplanen for Bjørnafjorden kommune er vedtatt. Strategidokumentet byggjer m.a. på samfunnsdelane frå dei to tidlegare kommunane, Fusa (2011-2023) og Os (2015-2027).

## **1.2. Organisering og prosess**

Kommunedirektøren si leiargruppe har vore administrativ styringsgruppe og formannskapet politisk styringsgruppe for arbeidet med planstrategien. Rådgivar for overordna plan har vore prosjektleiar. Ei tverrfagleg arbeidsgruppe med deltakarar frå alle kommunalområda har medverka.

Vårhalvåret vart nytta til arbeid med kunnskapsgrunnlag, lokale utfordringar og overordna føringar, særleg FN sine berekraftsmål. I tillegg var det lagt opp til politisk forankring og medverknad. På grunn av koronapandemien måtte dette arbeidet setjast på vent. 19. august var begge styringsgruppene med på planstrategiseminar for å sikra felles kunnskapsgrunnlag, forankring og medverknad. Her var det eksterne og interne innlegg om berekraftsmål, klimatilpassing, regional utviklingsplan og lokalt utfordringsbilete, med tilhøyrande gruppearbeid. Det har elles vore løypemeldingar og drøftingar i begge styringsgruppene, og prosjektleiar har informert om planstrategien i dei andre utvala og råda.

Utkastet til planstrategi er sendt til nabokommunar og statlege/regionale organ. Formannskapet handsama planstrategien før kommunestyret fatta endeleg vedtak.

## 2. FORVENTNINGAR TIL KOMMUNAL PLANLEGGING

Kommunal planlegging skal ikkje berre ta omsyn til lokale behov og ønske, men også til nasjonale føringar og forventningar. Kommunane skal ivareta både kommunale, regionale, nasjonale og globale mål, interesser og oppgåver.

### 2.1 Nasjonale forventningar

Regjeringa kjem kvart fjerde år med eit forventningsdokument som skisserer kva kommunane skal leggja særleg vekt på i planlegginga dei komande fire åra. I kgl.res. 14. mai 2019 «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023» er det understreka at vi har fire store utfordringar i kommunane framover. Det handlar om å vera med på å skapa eit berekraftig velferdssamfunn, eit økologisk berekraftig samfunn, eit sosialt berekraftig samfunn og eit samfunn som er trygt for alle.

Regjeringa forventar at kommunane skal nytta planlegging som verktøy for heilskapleg berekraftig utvikling. Forventningane til *innhaldet* i kommunal planlegging er konkretisert i tre hovudområde:

- vekstkriftige regionar og lokalsamfunn i heile landet
- berekraftig areal- og transportutvikling
- byar og tettstader der det er godt å bu og leva




Vidare heiter det i forventningsdokumentet at FN sine 17 berekraftsmål skal vera «det politiske hovudspreten for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid» – også her til lands og i kvar enkelt kommune.

I Bjørnfjorden kommune skal berekraftsmåla vera styrande for samfunns- og arealplanlegginga vår. Dette starta vi så smått med i kunnskapsgrunnlaget til strategidokumentet og den første økonomiplanen for Bjørnfjorden kommune. I planarbeidet vårt framover må vi tilpassa berekraftsmåla og dei nasjonale forventningane til våre lokale forhold, og finna smarte løysingar på korleis vi best kan arbeida med berekraftsmåla hjå oss.

## 2.2 Korleis arbeida med FN sine berekraftsmål i Bjørnafjorden?

Oppdraget vårt i Bjørnafjorden, som i resten av verda, er å utrydda fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppa klimaendringane, innan 2030. Vi skal planleggja for økologisk, sosial og økonomisk berekraft for den enkelte, for samfunnet og for framtidige generasjonar.



mål frå kvart lag i «berekraftskaka» (sjå ill.), og tilpassa dei språkleg til lokale forhold:

### Mål 13: Stoppa klimaendringane

- dette handlar om økologisk berekraft, klima og miljø

### Mål 11: Berekraftige tettstadar og lokalsamfunn

- dette handlar om sosial berekraft og samfunnsutvikling, og omfattar store delar av den kommunale verksemda

### Mål 9: Næring, innovasjon og infrastruktur

- dette handlar om økonomisk berekraft og m.a. om innovativ og berekraftig næringsutvikling. For oss i Bjørnafjorden kommune, som bur på to sider av ein fjord, er dette også eit svært viktig kommunesamanslåingsmål, som set grensekryssande infrastruktur – både fysisk og digital – og nytenking i fokus.

I tillegg til desse tre fellesmåla, har vi sett på kva mål som passar saman med tenestene på kvart av dei tre kommunalområda i Bjørnafjorden kommune. På denne måten er alle dei 17 berekraftsmåla kobla mot tenesteområde hos oss. Her er det både vide og overordna mål for heile kommunalområdet og meir avgrensa og konkrete mål for enkeltenester, som støttar opp om det overordna. Vi kallar dei støttemål.

### Helse og velferd

- **overordna mål: God helse og livskvalitet for alle, uansett alder (mål 3)**
- støttemål: 1, 2, 5, 8, 9, 10 og 11

Til å hjelpa oss i dette arbeidet, og for å gjera tydeleg kva oppgåver dette omfattar, har vi dei 17 FN-måla med 169 delmål og 232 indikatorar. Alle heng saman og støttar opp om kvarandre. Vi skal difor jobba med *alle* måla. Nokre mål er likevel meir overordna og omfattande, og andre meir konkrete og avgrensa. For å målretta og «spissa» arbeidet vårt dei første fire åra, vel vi tre overordna hovudmål, som heile kommuneorganisasjonen skal ta tak i på tvers av fagområde. Dei tre felles hovudmåla skal vera ein raud tråd i arbeidet vårt. Vi har henta eitt

## **Oppvekst**

- **overordna mål:** God utdanning og livslang læring for alle (mål 4)
- støttemål: 2, 3, 5, 8, 10, 11, 13 og 16

## **Samfunnsutvikling**

- **overordna mål:** Berekraftige tettstadar og lokalsamfunn (mål 11)
- støttemål: 6, 7, 8, 9, 12, 13, 14, 15 og 16

### **2.2.1. Arbeidsmåten vår**

Vi er heilt avhengige av å samarbeida for å greia å nå desse måla. For å utvikla lokalsamfunna våre i berekraftig retning og skapa liv i Bjørnafjorden, må vi samarbeida innan kommunen, på tvers av kommunal- og fagområde, administrasjon og politikk, med innbyggjarar, organisasjonsliv/frivillig sektor, næringsliv og kulturliv.

Vi må òg samarbeida ut over kommunegrensene, med andre kommunar, regionale og nasjonale styresmakter, forskingsmiljø og føretak. Saman kan vi få til utruleg mykje meir enn kvar for oss. Difor er dette sjølvé arbeidsmåten vår:

- **Mål 17: Samarbeid for å nå måla**

I tillegg må vi vera framtdsretta, tenkja nytt og fornya oss, både i måten å arbeida på og i tenesteytinga, for å løysa både dei lokale og dei globale oppgåvene våre best mogleg.

#### **Korleis kan Bjørnafjorden kommune bidra til å nå FN sine berekraftsmål?**

- Berekraftsmåla kan hjelpe oss til å formulera og oppfylla kommunen sine eigne klima- og miljømål.
- Som kommune er vi sentrale i å nå sosiale berekraftsmål innan særleg utdanning og helse.
- Som stor innkjøpar kan vi stilla krav til både miljø, anstendige arbeidsforhold og innovasjon.
- Måla kan òg brukast som den kanskje mest anerkjende internasjonale målestokken for å kommunisera kommunen sine aktivitetar og resultat.

(Jf. rapport frå Deloitte)

## **2.3 Regional planstrategi – utviklingsplan for Vestland 2020-2024**

Regionale mål finst både i Utviklingsplan for Vestland/regional planstrategi, som vart vedteken i fylkestinget 29. september 2020, og i andre regionale planar. Dei har òg innverknad på kommunane sitt arbeid.

Utviklingsplanen for 2020-2024 har fire hovudmålformuleringar – som er knytt til FN-mål:

1. Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg – berekraftsmål 8, 9 og 12
2. Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling – berekraftsmål 13, 14 og 15
3. Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland – berekraftsmål 11
4. Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping – berekraftsmål 4 og 10

### **2.3.1 Andre regionale planar**

Plan- og bygningslova slår fast at regional plan skal leggjast til grunn for kommunal planlegging og verksemd i regionen.

## Planar som vedkjem oss i Bjørnafjorden kommune er:

- Regional areal- og transportplan for Bergensområdet (2017-2028)
- Regional transportplan for Hordaland (2018-2029), som skal reviderast i 2020 til «Regional transportplan» for heile Vestland
  - Skal ta opp i seg både «Kollektivstrategi» og «Strategi for innfartsparkering»
- Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger (stadfesta av KMD i 2020)
- Regional plan for kompetanse og arbeidskraft, som skal reviderast i 2021 til «Regional plan for kompetanse» for heile Vestland
- Regional plan for vassregion Hordaland (2016-2021). Den blir del av oppdatert «Regional plan for vassforvalting Vestland», som er under arbeid i 2020
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland (2015-2026), som skal reviderast i 2021 til «Regional plan for senterstruktur» for heile Vestland
- Regional plan for folkehelse – fleire gode levekår for alle (2015-2025), som blir vidareført, med auka fokus på gjennomføring og nytt handlingsprogram
- Klimaplan for Hordaland (2014-2030), som skal reviderast i 2020 til ein regional klimaplan for heile Vestland, tilpassa situasjonen i dag
- Regional plan for innovasjon og næringsutvikling, som skal reviderast i 2020
- Regional kulturplan for Hordaland (2014-2030) skal reviderast i 2021 til «Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv»
- Regional plan for fornybar energi – oppstart 2021
- Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland (2009-2021) – blir vidareført som «Regional plan for småkraftverk (H og S&F)»

## Temaplanar:

- Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidlar 2002-2024, som blir vidareført som temaplan
- Strukturplan for tannklinikkar – skal reviderast
- Skulebruksplanar – blir vidareført
- Mål og strategiplan for opplæringssektoren i Vestland – ny plan
- Regional plaststrategi

## **2.4 Lokale føringer**

I **strategidokumentet** for bygginga av Bjørnafjorden kommune frå 2019 valde vi tre satsingsområde, som gjeld fram til samfunnsdelen av kommuneplanen er på plass:

- **Folk** – vi skal leggja til rette for trygge, stolte, likeverdige og engasjerte innbyggjarar og medarbeidarar.
- **Fellesskap** – vi skal byggja nye fellesskap, små og store, internt og eksternt.
- **Framtidsretta kommune** – Bjørnafjorden kommune skal vera nytenkande, endringsvillig og yta treffsikre tenester.

Det er utvikla ei **merkevareplattform** for Bjørnafjorden og for kommunen som organisasjon, der samfunnsoppdrag (misjon), visjon og verdiar er formulert. Dei skal liggja i botnen for alt arbeid i kommunen, inkludert planarbeid. Verdiane våre seier noko om kva vi skal byggja Bjørnafjorden kommune på og korleis vi skal møta innbyggjarane våre. Visjonen gir retning og noko å strekkja seg etter, og fortel kva vi vil at Bjørnafjorden kommune skal vera.

**Samfunnsoppdrag (misjon):** Det gode liv for alle.

**Visjon:** Eit raust og attraktivt lokalsamfunn med evne og vilje til nyskaping.

**Verdiar:**

– Vi lyttar med respekt – Vi finn smarte løysingar – Vi gjer det vi seier – Vi er inkluderande.

Vi har rapportar frå to overordna fagområde, folkehelse og samfunnssikkerheit og beredskap, som utgjer ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget for kommunal planstrategi.

### «Levekår og helse i Bjørnafjorden kommune»

Det er lovfesta at hovudutfordringar for Bjørnafjorden kommune innan folkehelse, skal vera ein del av planstrategien. Desse er å finna i [folkehelseoversikta for 2019-2022](#). Vidare skal denne oversikta vera ei støtte i arbeidet med å definera konkrete folkehelsemål i samfunnssdelen til kommuneplanen og med å definera konkrete folkehelse tiltak i vidare planarbeid.

Det er ein klar samanheng mellom berekraftsmål og folkehelse. Føremålet med folkehelsearbeidet er å gjera lokalsamfunna til ein trygg og god plass å leva, og gje alle innbyggjarane same moglegheit til å leva sunne liv. Folkehelseoversikta skal visa både utfordringar og ressursar, og ha større fokus på utfordringsbiletet enn på positive faktorar.

Kommunen har mange høve til å påverka utviklinga i folkehelsa, og eit særleg ansvar for å utjamna sosiale helseforskellar.

Folkehelseoversikta for Bjørnafjorden kommune gir ei oversikt over, og ei vurdering av, følgjande emne:

- Befolkingssamansetjing
- Oppvekst- og levekårstilhøve
- Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø
- Skadar og ulukker
- Helserelatert åtferd
- Helsetilstand

Vi har vald å fordela funna innanfor desse emna utover i neste kapittel, der vi tar for oss lokale utviklingstrekk og utfordringsbilete.

### KommuneROS Bjørnafjorden

Vi har enno ikkje laga ein heilt ny overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for den nye kommunen, men samkjørt dei to overordna ROS-analysane for Fusa (2015) og Os (2017). Dei gir eit oversyn over kva som gjer oss sårbare i Bjørnafjorden kommune når det gjeld samfunnssikkerheit og beredskap (SSB), og kva som er ein styrke for oss ut frå eit SSB-perspektiv.

På grunnlag av dei to ROS-analysane har vi identifisert til saman 58 potensielle uønskte hendingar som kan ramma samfunnet vårt i Bjørnafjorden. Dei er sorterte i fire ulike hendingskategoriar i ei samla oversiktliste for Bjørnafjorden kommune. Den omfattar 18 naturhendingar (ekstremvêr, flaum, ras/skred, jordskjelv, sjukdom inkl. husdyr og fisk, og biologisk forureining), åtte «følgjehendingar» i kategorien svikt i kritisk infrastruktur, 23 store ulukker (større trafikk-/samferdsleulukker, storbrann, akutt forureining, atomulukker/radioaktiv stråling m.fl.) og ni såkalla tilsikta hendingar (terrorangrep/sabotasje, pågående livstruande vald, datakriminalitet, miljøkriminalitet m.fl.).

Nesten alle desse hendingane kan skje både på austsida og vestsida av fjorden i Bjørnafjorden kommune. Forskjellar i geografi, topografi, demografi og infrastruktur skaper likevel ulike utfordringar og kan få følgjer for både omfang, handtering og konsekvensar av same type hending.

Vi har ein overordna beredskapsplan for Bjørnafjorden kommune, vedtatt av kommunestyret i desember 2019. Den blir revidert ved behov – seinast 23.11.2020, då kommunestyret vedtok presisering av krisefullmakta. Vi skal laga ny KommuneROS for Bjørnafjorden kommune i løpet av planstrategiperioden. Rullering av overordna beredskapsplan følgjer etter ferdig KommuneROS.

## **3. UTVIKLINGSTREKK, UTFORDRINGAR OG POTENSIAL I BJØRNAFJORDEN**

Planstrategien skal innehalda ei oversikt over utviklingstrekk og utfordringar, som gjer at vi har behov for dei planane vi prioriterer i denne fireårsperioden. Det er såleis ikkje så mykje fokus på dei sterke sidene til kommunen vår i dette dokumentet. Utviklingstrekk og utfordringar kan vera to sider av same sak. Og det er verd å ha med i bakhovudet at det ofte ligg eit utviklingspotensial i definerte utfordringar. Vi har difor lagt til eigne avsnitt for potensial i kvart delkapittel.

Dei mest sentrale føresetnadane våre, som er avgjerande både for kva vi *må* og *kan* få til i kommunen, er befolkning, areal og økonomi. Det legg premissane for kommunal drift og utvikling.

I den nye kommunen vår er det ulike føresetnader i ulike delar av kommunen – og dermed ulike utfordringar og ulikt kva som er mogleg å få til. Det er det viktig å ha klart for seg.

Samstundes gir ikkje forskjellane berre utfordringar, men òg potensial for endring og nye løysingar. Dette gjeld m.a. folketalsutvikling og alderssamansetjing, areal og busetjingsmønster, transport og næringsliv.

Os var ein «kompaktkommune» med mykje folk – 162 innb. pr. km<sup>2</sup> – og Fusa ein spreiddbygd kommune med god plass – 10 innb. pr. km<sup>2</sup>. Bjørnafjorden er samla sett ein kommune med mellomstort areal og relativt mykje folk – og 51 innb. pr. km<sup>2</sup>.

Før kommunesamslåinga var Os over snittet attraktiv som bukommune og Fusa over snittet som næringskommune. Begge kommunane låg i toppen av kommunebarometeret – Kommunal rapport si årlege rangering av tenestetilbodet i kommunane.

### **3.1 Kven er innbyggjarane våre?**

Befolkingssamansetjinga har konsekvensar for kommunal drift, for planarbeid og politikkutforming. Kvar er behovet? Kva må vi satsa på?

Del av kommunen	Bjørnafjorden	Os / vestsida av fjorden	Fusa / austsida av fjorden
Folketal pr. 1.1.2020	24 908	21 044	3 864
Folketal i prosent	100 %	84,5 %	15,5 %

Os var i fleire år mellom kommunane i Hordaland med raskast auke i innbyggjartal – i første rekke pga. tilflytting frå andre delar av landet. Folketalet auka frå 14 000 i år 2000 til ca. 20 800 i 2019. Fusa hadde relativt stabilt innbyggjartal over tid – med ein liten årleg auke som følgje av tilflytting, særleg frå utlandet, og nokre nedgangsår. Folketalet auka frå knappe 3700 i år 2000 til ca. 3860 i 2019.


Os har hatt årleg fødselsoverskot, Fusa mange år med fødselsunderskot.

#### **Folketalet i Bjørnafjorden kjem til å halda fram med å auka**

Fødselsoverskot eller -underskot og netto innflytting avgjer om det blir vekst eller reduksjon i folketalet. Arbeid, bustad, familietilknyting og spesifikke kvalitetar ved staden er motiv som gjer at folk flyttar på seg, går det fram av Bo- og flyttemotivundersøkelsen til NIBR. Om det er gode eller dårlige økonomiske tider spelar også inn. Medan motiva for å flytta endrar seg gjennom livsfasane, endrar motiva for å bli buande seg mindre (jf. folkehelseoversikta).



Føresetnader for folketalsutvikling er nasjonal vekst og innvandring til Noreg. Dei siste åra har det vore svært høg nasjonal vekst. Låge fødselstal (1,53 barn pr. kvinne) og låg innvandring nasjonalt gjer det no vanskelegare å skapa folkevekst i kommunane enn før. Lågare folkevekst i byane betyr at dei i større grad enn til no greier å ta unna eigen folkevekst med bustadbygging. Kva vil det få å seia for Bjørnafjorden? Dei siste par åra har fallande fruktbarheit, mindre arbeidsinnvandring og redusert mottak av flyktninger ført til låg folkevekst både nasjonalt og i fylket vårt. Det får truleg konsekvensar også for utviklinga hos oss. Men folketalet i Bjørnafjorden kjem til å halda fram med å auka. Det som er usikkert, er kor stor veksten blir, og korleis han vil fordela seg utover i den nye kommunen.



Avhengig av kva føresetnader vi legg til grunn, får vi **ulike scenario for framtidig utvikling** i folketal. Hjå Statistisk sentralbyrå (SSB) er det ein **variasjon på ca. 3 500 innbyggjarar** mellom høgaste og lågaste scenario for **2040** og **ca. 6 150 innbyggjarar for 2050**. I SSB sitt hovedalternativ (MMMM – middels nasjonal vekst) er forventa utvikling 27 216 innb. i 2030, 29 325 innb. i 2040 og 30 857 innb. i 2050. Utgangspunktet er innbyggjartalet pr. 1.1.2020, som var 24 908.


For vestsida av fjorden, i tidlegare Os kommune, ligg spenninga i kor stor veksten blir. Det er lagt til grunn eit optimistisk mål på 3 % vekst i kommunedelplanen for arealet i tidlegare Os kommune. På austsida av fjorden, i tidlegare Fusa kommune, viser prognosane at det kan bli nedgang i folketalet, nullvekst eller auke – alt etter dei ulike føresetnadane som vi legg til grunn.

«I plansamanheng bør vi ta inn i vurderingane at veksten kan verta lågare framover enn kva som har vore tilfellet,» blir det konkludert i folkehelserapporten for Bjørnafjorden. Sjå meir informasjon om kva som ligg til grunn for dei ulike prognosane i [folkehelserapporten](#) og på [SSB sine nettsider](#).

## Samansetjing av befolkninga

Samansetjinga av befolkninga styrer både planlegging og prioriteringar for kommunane. Det gjeld i første rekke alder, men også kjønn og etnisitet.

## Aldersfordeling per 1. januar 2020



Det er både skilnader og likskapar mellom alderssamsetjinga i dei to tidlegare kommunane, og det har noko å seia for kva tenester som er bygd opp på begge sider av fjorden. Begge hadde ein større del barn enn landssnittet. I 2020 utgjorde barn og unge i alderen 0-19 år 27 % av innbyggjarane (6700 personar) i Bjørnafjorden kommune. I følgje SSB sine prognosar kjem delen barn og unge til å minka, slik at den utgjer 22-24 % både i 2040 og 2050 (middels (MMMM-tal) eller høg nasjonal vekst).


Os har hatt ei ung befolkning, med ein stor del av sine vaksne innbyggjarar i aldersgruppa 30-49 år og ein snittalder på 38 år. Fusa hadde ein større del av sine vaksne innbyggjarar i alderen 40-69 år og ein snittalder på 42,4 år. I Bjørnafjorden 2020 utgjer 35-39- og 45-49-åringane dei største gruppene vaksne.

Øvste del av alderspyramiden, 67+ år, utgjer i 2020 knappe 15 % av innbyggjarane (3670 personar) i Bjørnafjorden. Det er venta å auka til 21-22 % i 2040 og 24-25 % i 2050.

Dei yngste av desse, 67-79 år, utgjer ein stabil prosentdel av innbyggjartalet, sjølv om det er venta fleire personar i denne gruppa.

Aldersgruppa 80+ år vil iflg. prognosane utgjera **ein stadig større del av innbyggjarane i Bjørnafjorden kommune**. Prosentdelen aukar frå 3,8 % i 2020 (948 personar) via 6,2 % i 2030 til 8,4 % i 2040 og vel 10 % i 2050.

**Aldersbereevna** – kor mange personar vi har i yrkesaktiv alder (16-66) pr. person 67+ år – er betre i Bjørnafjorden enn i landet sett under eitt. Eit anna mål på aldring er kor stor prosentdel personar over 80 år utgjer i forhold til befolkning i yrkesaktiv alder. NHO har i sitt Kommune-NM 2020 rangert kommunane etter prognosar for 2040. Bjørnafjorden er nr. 2 i Vestland (og 29 i landet) med 11 %, medan fylkesgjennomsnittet er 18,6 % og landsgjennomsnittet 12,5 %. Det plasserer oss blant dei beste i landet.



## Internasjonale Bjørnafjorden


I 2020 bur det 3275 personar i SSB-kategorien innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre i Bjørnafjorden kommune (SSB-tabell 09817). Det utgjer 13,2 % av innbyggjarane. 95 land er representerte. Flest er det frå Polen (736 pers. = 2,95 %), Litauen (494 innb. = 1,98 %) og Syria (171 pers. = 0,69 %). Deretter følgjer Latvia, Vietnam, Tyskland, Filippinane og Thailand. Frå kvart av desse landa bur det meir enn 100 personar i Bjørnafjorden.

## 3.2 Korleis brukar vi arealet vårt?

Bjørnafjorden kommune						
Areal	Ferskvatn	Kystline	Skog	Jordbruksareal	Vegar	Bygningar
519 km <sup>2</sup>	31 km <sup>2</sup>	355 km	318 km <sup>2</sup>	27 km <sup>2</sup>	3,78 km <sup>2</sup>	2,75 km <sup>2</sup>

### Arealbruk i Bjørnafjorden


Bjørnafjorden kommune har eit areal på 519 km<sup>2</sup>, 31 km<sup>2</sup> av dette er ferskvatn og 318 km<sup>2</sup> skog. I underkant av 4 km<sup>2</sup> av arealet er dekt av vegar og litt mindre enn 3 km<sup>2</sup> er dekt av bygningar. Bjørnafjorden er ein skogkledd kommune – ca. 62 % av arealet er dekt av skog. Anna utmark utgjer ca. 21 % og vatn og myr ca. 7,6 %. Ca. 5 % er dyrka mark og beite, og berre 4 % er utbygd areal (2015-tal frå [miljødirektoratet/NIBIO](#)).



Ser vi på dei to sidene av fjorden, finn vi at arealet på austsida (379 km<sup>2</sup>) er nesten tre gonger så stort som på vestsida(140 km<sup>2</sup>). Avstandane innan tidlegare Fusa kommune er større enn innan tidlegare Os. Frå kommunedelsenteret Eikelandsosen er det ca. 18 km til Holsund i nordre del av den gamle kommunen, 18 km til Tveita i Øvre Hålandsdalen, 29 km til Håvik lengst vekke på Fusahalvøya og nesten 46 km til Austefjord. Frå Osøyro til grensa mot Samnanger er det 16 km og reisetida med bil 21 min., til Balandsneset i vest 13 km og reisetida 23 min. og til Sperrevik ved grensa til Fana 12 km og 16 min. Frå kommunesenteret Osøyro til Øvre Hålandsdalen er det 40 km og ei reisetid på 1 t 18 min. Til Austefjord er det 67 km og reisetida er 1 t 49 min.

## Ubebygd areal

Tall i km<sup>2</sup>



Arealbruk og arealressurser, Statistisk sentralbyrå

## Busetnad

	Innb. i tettbygd strok	Innb. i spreiddbygd strok	Innb. pr. km <sup>2</sup>
Bjørnafjorden	76 % – 18 629 pers.	24 % – 5998 pers.	51
Os	87 % – 18 090 pers.	13 % – 2681 pers.	162
Fusa	14 % – 539 pers.	86 % – 3317 pers.	10

¾ av innbyggjarane i Bjørnafjorden bur i tettbygde strok og ¼ i spreiddbygde strok. Dei tettbygde stroka på vestsida av fjorden husar 87 % av innbyggjarane i tidlegare Os kommune. Det er spreiddbygde område også på denne sida av fjorden, og her bur 13 % av innbyggjarane – eller ca. 2700 personar. På austsida er fordelinga mellom tettbygde og spreiddbygde strok omvendt: berre 14 % bur tettbygd og 86 % – eller ca. 3300 personar – spreidd.

## Utfordringar

Press på areal er ei utfordring – hovudsakleg på vestsida av fjorden, der det må sikrast areal for å halda tritt med folkeauken. Det gjeld areal til offentlege føremål, til utviding av eksisterande vegar, nye vegar, gang- og sykkelvegar, og til friluftsliv og grøne/blå korridorar. Det gjeld areal til nye bustadområde innanfor sentrale utviklingsområde på vestsida (Osøyro, Lysefjorden m.a.) og i kommunedelsenteret Eikelandsosen på austsida. Og det gjeld næringsareal, m.a. ved/på sjø, til havbruk og til landbruk. Jordvern er ei side av denne utfordringa.

Busetnadsmønster og utstrekning gir utfordringar når det gjeld dagleg reisetid og kollektivtransport mellom kommunesenteret og austsida av fjorden pluss internt på den sida. Det gjer oss også sårbare m.o.t. responstid for ambulanse, lege, brann og redning, og politi.

### **POTENSIAL:**

På Fusa-sida er det overskot på areal og det er sett av mykje areal til bygging. Lyseparken næringsområde og Samnøy industriområde ved sjø.

### **BEHOV FOR PLANAR OG UTGREIINGAR**

Få plass arealplanen (KPA) for tidlegare Os kommune som ein kommunedelplan i Bjørnafjorden. Samfunnsdel av kommuneplanen (KPS) for Bjørnafjorden – med arealstrategiar. Ny arealdel av kommuneplanen (KPA) for heile Bjørnafjorden.

### **3.3 Korleis er dei økonomiske utsiktene våre?**

Utarbeidingsa av budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 for nysamanslåtte Bjørnafjorden kommune viste at kommunen frå 2021 årleg vil mangla om lag kr 60-70 mill. for å dekka driftsutgiftene. Dersom kommunen skal greia å innfri staten sine forventningar til resultatgrad på 1,75 % – det inneber at inntektene skal vera høgare enn driftsutgiftene – manglar kommunen årleg om lag kr 90 mill.

For å nå ambisjonen om at Bjørnafjorden kommune skal ha ein berekraftig økonomi, starta kommunen i 2020 eit omstillingssprosjekt "Bjørnafjorden 22" med representantar frå ulike faggrupper og tillitsvalde. I løpet av 2020-2022 må kommunen finna eit driftsnivå på tenestetilbodet som er tilpassa kommunen sine inntekter, og som innfrir staten sine forventningar til driftsmargin. Gjennom dette arbeidet skal vi finna framtidsretta og smarte løysingar, som gjer oss i stand til å yta treffsikre tenester til innbyggjarane både på kort og lang sikt. Prosjektet har m.a. som målsetting å finna varige innsparingstiltak på kr 90 mill.

Ein annan faktor som spelar inn på dei økonomiske utsiktene, er det nasjonale prosjektet «Statleg finansiering av omsorgssektoren» (SIO), som Os kommune deltok i frå 1.5.2016, og som no omfattar heile Bjørnafjorden kommune. SIO inneber m.a. at kommunen i prosjektperioden får eit trekk i rammetilskotet og i staden mottar øyremerka tilskot ut frå kor mange vedtak som blir utført i omsorgssektoren. SIO tek slutt frå 2023. Det kan bli krevjande for kommunen, ettersom veksten i omsorgssektoren har vore høgare enn det rammetilskotet kommunen vil få tilbake igjen då.

Dei økonomiske utsiktene for kommunen vil såleis vera krevjande dei komande åra.

#### **POTENSIAL**

- Nysamanslått kommune med større fagmiljø, større breidde i kompetanse, og betre føresetnader for å gje innbyggjarane meir robuste tenester.
- Omstillingssprosjektet Bjørnafjorden 22, digitalisering og Innolab som verkemiddel i organisasjons- og tenesteutvikling.

#### **BEHOV FOR PLANAR OG UTGREIINGAR**


Kartleggingsarbeid for Bjørnafjorden 22 – analysera ressursbruken og samanlikna med andre kommunar. Koma med framlegg til tiltak for å omstilla Bjørnafjorden til ein moderne organisasjon med økonomisk balanse innan budsjett 2022. Handlingsdel til KPS med økonomiplan – årleg rullering. Sikra god samanheng mellom overordna planar og økonomiske prioriteringar.

## 3.4 Utfordringar i Bjørnafjorden – knytt til berekraftsmåla

### 3.4.1 Stoppa klimaendringane

I følgje FN sitt klimapanel må vi halvera klimagassutsleppa i verda innan 2030 for å nå måla i Paris-avtalen. Når det gjeld utfordringane knytt til klima og miljø i Bjørnafjorden kommune, trengst det både auka fokus og auka kunnskap. Dei overordna hovudutfordringane er også for oss å redusera utslepp av klimagassar og tilpassa oss klimaendringane.

I 2018 hadde det som i dag er Bjørnafjorden kommune, eit utslepp på 85 114,9 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar. Det vil seia 3,4 tonn pr. innbyggjar. Klimagassane karbondioksid (CO<sub>2</sub>), metan (CH<sub>4</sub>) og lystgass (N<sub>2</sub>O) er inkludert i rekneskapen. Kommunen har mykje skog, og den tar opp klimagassar og reduserer dermed utsleppa våre.



Illustrasjonen viser utslepp 2009-2018 i det som no er Bjørnafjorden kommune, fordelt etter sektor. Den gir ein indikator på kvar utsleppskutta våre kan skje. Tala er henta frå [Miljødirektoratet sin utsleppsstatistikk for kommunane](#). Transport på landjorda og til sjøs (blå og lilla farge) er den største utsleppskjelda. Klimaeffektiv transport i og til kommunen er ei hovudutfordring, som også omfattar sentrum-periferi-problematikk. Her må vi ta omsyn til dei ulike føresetnadane i ulike delar av kommunen, når vi set oss mål og formulerer tiltak. Kvar er det mogleg å nå nullvekstmålet – og korleis? Og kvar må det andre mål og verkemiddel til?

Disposition og nedbygging av areal er ei anna utfordring knytt både til berekraftsmål 13 og 15 Livet på land. Vi treng smart og berekraftig samfunnsplanlegging for berekraftige bu-, arbeids- og transportløysingar.

Bjørnafjorden har som vi har sett, lang kystlinje og mykje ferskvatn. Vi har såleis utfordringar knytt til berekraftsmål 14 Liv under vatn/livet i havet. Det gjeld å ta vare på vassressursane våre, både i sjø og ferskvatn. Og det gjeld å sikra berekraftig utvikling av sjøområda våre, og å sikra eit robust havmiljø med god og velfungerande økologisk tilstand. For livet både på land og i havet er det dessutan ei utfordring å beskytta naturmangfaldet, både med omsyn til artar og habitat.

## Klimarisiko og klimatilpassing

Kommunane blir ramma av ulike typar klimarisiko: Fysisk risiko, ansvarsrisiko og overgangsrisiko. Den globale temperaturen stig og dei nasjonale utsleppa skal ned. Det krev tilpassing på fleire måtar. Dei fleste av oss er mest kjende med den **fysiske risikoen** gjennom klimaendringane som vi merkar på fleire måtar også hjå oss. Det er meir ekstremvær både når det gjeld regn og tørke. Kraftig nedbør kan føra til ras, flaum og overvatn, og tørke kan føra til skogbrann, vassmangel og øydelagde avlingar for jordbruket.



III.: Klimaprofil laga av Norsk klimaservicesenter. Klimaprofilen oppsummerer kva konkrete utslag klimaendringane kan gi i tid. Hordaland fylke fram mot slutten av dette hundreåret. Han er basert på eit scenario der dei globale klimagassutsleppa held fram i same takt som dei siste tiåra.

Klimaprofilen for Hordaland listar opp det som særleg vil føra til behov for fysisk klimatilpassing i vårt område: Kraftig nedbør og auka problem med overvatn; stormflo og havnivåstiging; endringar i flaumforhold og flaumstorleikar; og skred. Dette er utfordringar vi må ta på alvor både i arbeidet med samfunnssikkerheit og beredskap og i arealplanarbeid. Det gjeld både å sikra eksisterande bygg og infrastruktur og ikkje byggja (meir) i område som er utsette for desse farane.

Det fører oss over til **ansvarsrisiko**. Kommunen er arealmyndigkeit med ansvar for tilpassing, og det kan utløysa regress frå forsikringsselskapa dersom vi t.d. gir byggeløyve i flaum- eller rasutsette område. Alder på avlopsnett er ein annan indikator.

**Overgangsrisiko** handlar om at nye krav, avgifter, forbod, teknologiar og forbrukar-preferansar kan påverka arbeidsplassar i Bjørnafjorden og kommunen sine eigne investeringar. Det gjeld område som transport, bygg, energiforsyning og avfallshandtering. Vi må forventa stadig strengare nasjonale tiltak mot 2050. Investerer vi for lavutsleppssamfunnet i dag?

Vårt største klimaavtrykk i kommunal regi er bygg- og anleggsprosjekt. Her er det ei utfordring å planleggja og byggja meir miljøvenleg. Vi må bruka innkjøpsrolla vår og stilla krav som stor innkjøpar for å lukkast i omstillinga til meir klimavenlege prosjekt. Energiøkonomisering, energistyring og bruk av fornybar energi er ein del av dette biletet.

Berekraftsmål 13 har fleire delmål, som er relevante for Bjørnafjorden:

- Tiltak mot klimaendringar i planarbeid og politikk.
- Haldningsskaping, opplysning og opplæring for å styrkja evna til å tilpassa oss og redusera konsekvensane av klimaendringar.
- Klimatilpassing – gjennom communal planlegging og arbeid med samfunnssikkerheit og beredskap, for å styrkja evna til å stå imot og tilpassa oss klimarelaterte farar.

### POTENSIAL:

Heiskapleg miljø- og klimaarbeid i samsvar med berekraftsmåla og dei nasjonale forventningane til kommunalt planarbeid:

- Bruka oppdatert kunnskap om forventa klimaendringar og konsekvensar i planlegginga.
- Leggja vekt på klimatilpassing og samfunnssikkerheit i planlegginga.
- Leggja ROS-analysar og konsekvensutgreiingar til grunn for plan- og bygesaksbehandlinga.
- Økosystembasert forvaltning: Samfunnssikkerheit og beredskap, skogforvaltning og klimatilpassing.

## **BEHOV FOR PLANAR OG UTGREIINGAR:**

KLEM-plan for Bjørnafjorden kommune, strategi for grøn mobilitet og infrastruktur (sykkel-, gå-, kollektivstrategi), KommuneROS med tilhøyrande tiltaksplan og sjekklister for handtering av uønska naturhendingar, beredskapsplan for vatn og avløp, KPS, vedtatt KDP for tidlegare Os kommune, KPA for Bjørnafjorden, landbruksplan, plan for skogsbilvegar, strategiar for spesielle miljøtiltak i jordbruket og for nærings- og miljøtiltak i skogbruket, kollektivstrategi, naturmangfaldsregistrering.



### **3.4.2 Berekraftige tettstadar og lokalsamfunn**

#### **a. Levekår, folkehelse og kulturelt mangfold**

Dei aller fleste innbyggjarane i Bjørnafjorden kommune lever gode liv. Vi opplever samtidig mykje av dei same utviklingstrekka og utfordringane i Bjørnafjorden som i samfunnet generelt på dette området. Det handlar om aukande ulikskap og utanforskapping på ulike måtar. Utfordringar og årsaker er ulike. Stikkord er fattigdom og aukande forskjellar, arbeidsledige og låginntektsfamiliar, einsemd

og psykiske helseplager i alle aldersgrupper, unge med stønad til livsopp hold og på varig uføretrygd, og ei gruppe elevar med bekymringsfullt høgt fråvær i skulen.

Ein av verdiane våre i Bjørnafjorden kommune er «**vi er inkluderande**». Det forpliktar oss alle både som tenesteytarar og medborgarar.

**Bustad:** Ein god stad å bu er grunnlaget for eit godt liv. Bustadmarknaden i Bjørnafjorden kommune er dominert av einebustader på begge sider av fjorden. Det er 7455 einebustader og 869 leilegheiter i Bjørnafjorden i 2020. I tillegg har vi 1566 hytter. Ein større del av bjørnafjordingane enn lands- gjennomsnittet eig bustaden dei bur i. Det er billigare å bu i Bjørnafjorden enn i ein del andre kommunar i Vestland fylke.

I gjennomsnitt bur det 2,39 personar pr. hushald. Ein mindre del av innbyggjarane våre enn på landsbasis bur trøngt: 7,8 % av alle innbyggjarane på Os-sida og 7 % på Fusa-sida, medan det er 10,4 % som bur trøngt i Noreg.

Det er behov for meir differensierte butilbod som samsvarar med samansetjinga av befolkninga vår. Det gjeld både ulike hushaldstypar og planlegging for alders- og demensvenlege lokalsamfunn. Det er òg viktig å leggja til rette for bumiljø som speglar mangfaldet i lokalsamfunna. Geografiske avstandar i den nye kommunen skaper behov for nytenking rundt bustadbygging og plassering i høve til servicefunksjonar og transportløysingar.

Korleis vi utviklar tettstader og nærmiljø betyr mykje for helsa til folk. Gode nærmiljø, møteplassar og rekreasjonsområde nærbuområda er svært viktige for bu- og livskvalitet. 50-75 % av innbyggjarane har trygg tilgang til rekreasjonsareal. 75-100 % på austsida har òg trygg tilgang til nærturterren, medan det gjeld mindre enn 50 % på vestsida av kommunen. Det er eit lite samanhengande gang- og sykkelnett i Bjørnafjorden kommune. I ein travle kvardag har dei færreste høve til å dra langt for å utøva friluftsliv. Ein del av befolkninga, i hovudsak barn og eldre, har liten eller redusert mobilitet. For desse gruppene er nærmiljøet sentralt for at dei skal ha gode forhold for friluftsliv og uteaktivitet.

**Møte mellom menneske:** Menneske er den viktigaste føresetnaden for å skapa gode, attraktive og levedyktige bu- og nærmiljø. Det ligg både utfordringar og eit stort potensial i å lukkast med å finna

gode måtar å leggja til rette for godt fellesskap og inkludering i lokalsamfunna våre. Dette er viktige føresetnader for at alle skal kunna leva gode liv. Det handlar m.a. om:

- **Frivillig arbeid – samarbeid og samspel:** korleis forløysa dei ressursane som ligg i frivillig arbeid, både sosialt og kulturelt, i alle aldersgrupper?
- **Treffsikre fritidstilbod** for alle aldersgrupper, etnisk bakgrunn, innbyggjarar med behov for særleg tilrettelegging
- **Biblioteket som kulturformidlar** i ein digital tidsalder **og uavhengig arena for offentleg samtale og debatt**
- **Fysiske møteplassar, kulturygg og idrettsanlegg** – kva treng Bjørnafjorden i framtida?
- **Friluftsliv for alle** – når folketalet aukar, det er press på parkering, slitasje, tilgang til sjø m.m.
- **Grøn kulturutvikling** – korleis ta i bruk lokale kulturminne og kulturarv som ressurs i berekraftig samfunnsutvikling, og bidra til delingskultur (t.d. utstyrssentral)?
- Korleis bidra gjennom ein aktiv kulturpolitikk til å byggja ein **felles kulturell identitet i Bjørnafjorden?**
- **Kunst- og kulturuttrykk sin plass i eit samfunn i endring** – og innbyggjarane sitt høve til å ta del i og oppleva eit mangfald av kulturuttrykk.

#### **POTENSIAL:**

Det er laga ein statusrapport om barn sine levekår og barnefattigdom i Bjørnafjorden kommune i 2020. Der er det formulert fem strategiar: 1. Sikra gode utdanningsløp for alle barn og unge i kommunen. 2. Sikra deltaking og inkludering i fritid, kultur og idrett. 3. Sikra tilgang til arbeidsliv for ungdom og foreldre. 4. Gode helsetenester til alle barn og unge. 5. Styrka utsette og sårbare familar.

«Bustad for velferd» – eit sosialt bustadprogram som Bjørnafjorden er med i saman med to andre kommunar i Vestland og diverse statlege aktørar.

Samarbeid med private utbyggjarar om tilrettelegging for å byggja 55+bustader med fellestun og -areal for å førebyggja einsemd mellom eldre.

#### **BEHOV FOR PLANAR OG UTGREIINGAR:**

Arealplan (KDP) for tidlegare Os kommune. Ny kommuneplan – samfunnsdel (KPS) og arealdel (KPA) for Bjørnafjorden kommune. Bustadsosial plan. Kartleggja bustadbehovet og moglegheitene i heile kommunen. Sektorplan for kultur, idrett og friluftsliv i Bjørnafjorden. Handlingsplan mot barnefattigdom.

## **b. Senterstruktur, tettstad- og bygdeutvikling**

Korleis skal senterstrukturen i Bjørnafjorden kommune vera? Og korleis kan vi leggja til rette for å skapa liv i bygder og krinsar og sørga for utvikling i heile kommunen? Dette er spørsmål som ny kommuneplan – samfunnsdel og arealdel – må finna svar på.

Osøyro er både kommunesenter og regionsenter. Tettstaden Os/Osøyro skal tena omlandet i eigen og andre kommunar med senterfunksjonar og spesialiserte tenester. Problemstillingar er avgrensing av sentrum: Kor langt når sentrum? Korleis tilpassa lokale utfordringar til overordna føringer for fortetting, kollektivstrategi, parkering og estetikk? Korleis finna den gode balansen mellom bustad-areal, ny og forbetra infrastruktur, handel- og servicefunksjonar, kulturtilbod, barnehage/skule, helse- og omsorgstenester, næring og arbeidsplassar i senter- og tettstadutviklinga vår?

Det er i gang arbeid med områdeplan for Os sentrum. Målet er heilsakleg og samanhengande utvikling av Os sentrum for å fylla kommune- og regionsenterrolla og leggja til rette for liv på Øyro. Det er viktig at planlegging og gjennomføring av tiltak blir gjort i samarbeid og samskaping med relevante aktørar, som grunneigarar, næringsliv, lag og organisasjonar og innbyggjarar. Det er gjennomført seniortråkk for å kartleggja denne gruppa sine behov og ønske. I rapporten frå arbeidet er det understreka at det å sikra eit attraktivt og tilgjengeleg sentrum for dei eldre, i høg grad òg handlar om å sikra eit attraktivt sentrum for alle aldersgrupper. Rapporten kjem med fire anbefalingar: Eit

framtidsretta og berekraftig sentrum; smart mobilitetsløysing; samskapingsprosjekt med frivillige lag/organisasjonar, og inkluderande møteplassar.

Det er vedtatt områdeplan for vidare utvikling av kommunedelsenteret Eikelandsosen på austsida av fjorden.

Vi har òg behov for utviklingsplanar for heilskapleg utvikling av nærsenter/bygdesenter framover. Det er ei oppgåve som planavdelinga må jobba med fortløpande, etter at områdeplanane som er under arbeid er avslutta, og i samsvar med tilgjengelege ressursar, kompetanse og kapasitet. Val av plan-type og prosess må gjerast etter nærmere vurdering (OP, VPOR/stadanalyse, strategi eller anna). Som ein start ønskjer vi å laga ein strategi for dette arbeidet. Temaet må drøftast nærmere i KPS og KPA.

#### **POTENSIAL:**

Bjørnafjorden kommune har signert byvektstvallen for bergensområdet for 2019-2029 for vidare utvikling og samordning av areal- og transportpolitikken i regionen. Vi har òg inngått sykkelbyavtale, som gir årlege tilskot 2019-2022 og tilgang til å sökja om statlege midlar til utvikling av sykkelsatsinga.

Liv i Bjørnafjorden – eit politisk vedtatt prosjekt for å leggja til rette for gode liv og utvikling i alle bygder og krinsar, m.a. i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, bygdeutval og samarbeidsutval.

#### **BEHOV FOR PLANAR OG UTGREIINGAR:**

Områdeplanar for Os sentrum og for Strandvik, og stadanalyse for Nore Neset er under arbeid. Strategi for heilskapleg utvikling av nærsenter/bygdesenter. KLEM-plan, strategi for grøn mobilitet og infrastruktur (sykkel-, gå-, kollektivstrategi). KPS og KPA for Bjørnafjorden.

### **3.4.3 Næring, innovasjon og infrastruktur**

#### **Næringsutvikling og sysselsetjing**

NHO rangerer kommunane etter attraktivitet og lokal vekstkrift basert på forhold ved næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommuneøkonomi. I «Kommune-NM» 2020, som i hovudsak byggjer på 2019-tal, er Bjørnafjorden samla sett rangert som nr. 6 i Vestland og nr. 48 i landet. I kategorien næringsliv er vi nr. 7 i fylket og nr. 46 i landet.

Vi har eit variert og sterkt næringsliv med høg verdiskaping innan næringar som havbruk, verkstadindustri, og trebearbeiding. Den største næringsverksemda i Bjørnafjorden er Framo Fusa AS på Venjaneset, (del av Framo-konsernet/Alfa Laval), som innan marin industri er verdsleiane produsent av pumpesystem for tankskip.

**Fleire arbeidsplassar** i eigen kommune er likevel ei utfordring for Bjørnafjorden. I Kommune-NM er vi plassert i kategorien «nest best» når det gjeld arbeidsmarknad, men «nest dårlegast» når det gjeld sysselsettingsandel. Det samsvarar med risikoindeksen for folkehelse, som viser sårbarheit for negativ utvikling av folkehelsa i ein kommune. Talet på verksemder/arbeidsplassar er det som blir vurdert som mest risikofylt for forverring av folkehelsa i Bjørnafjorden. Arbeidsplassdekninga i den folkerikaste delen av kommunen (Os) var på 60 % i 2018/2019, og ca. 4000 arbeidspendlar ut av kommunen. På austsida av fjorden (Fusa) var arbeidsplassdekninga på 102 %.

65 % av dei sysselsette i Bjørnafjorden er sysselsette i privat sektor og offentlege føretak (fylket 62,6 %, landet 68 %), iflg. Kommune-NM. Kommunen er den største arbeidsplassen med ca. 1800 tilsette.

Kva skal kommunen si rolle vera i næringsutviklinga? Og korleis kan vi vera ein god vertskommune for næringslivet? Næringsutvikling er meir enn tiltaksarbeid. Tomter til næringsverksemde og bustad,



effektiv sakshandsaming, og god infrastruktur til/frå kommunen er viktige faktorar. I tillegg til å stimulera til næringsetablering og til at lokale bedrifter satsar på grøn konkurransekraft, dvs. å redusera klima- og miljøbelastning, samstundes som verdiskaping og auka sysselsetjing er i fokus. Og vera med og bidra til å etablera gründermiljø og til innovasjon i eksisterande bedrifter.

Kommunen jobbar i samarbeid med Visit Bjørnafjorden med å utvikla Bjørnafjorden som reiselivsdestinasjon. Her har vi ein stor og tradisjonsrik aktør i spissen med Solstrand hotell og bad, og fleire nye satsingar i mindre skala.

Bjørnafjorden er ein viktig landbrukskommune, som står overfor følgjande utfordringar: Nedlegging og rekruttering (tilgang til jord/gardsbruk), inntekt og kompetanse, innovasjon (framtidsretta driftsmodell, mangfaldig produksjon), og for lite lokal verdiskaping/vidareforedling, klima og klimaendringar (tørke, ekstremnedbør, skadedyr, biologisk mangfald), ureining, jordvern, jordkvalitet og jordliv (urbanisering, omregulering og utbygging, gjengroing, driftsmåte vs. tilgjengeleg areal), därleg infrastruktur innan skogbruk og avskoging/lite variasjon i skogproduksjonen.

**Arbeidsledige:** Den første månaden i den nye kommunen var det 2,6 % heilt arbeidsledige i Bjørnafjorden. Så kom den store utfordringa: koronapandemien, og talet på arbeidsledige steig. Pr. 6. oktober 2020 var 476 personar, eller 3,6 % heilt ledige i Bjørnafjorden kommune. Dette er om lag 1 % fleire heilt ledige enn «normalt» dei siste åra. Det samla talet på heilt ledige, delvis ledige og personar i tiltak var pr. same dato 903 personar. Det utgjer ei arbeidsløyse på 6,8 %. Endringane i talet på delvis ledige er kanskje ei endå større utfordring: Før korona, 3. mars i år var det 180 delvis ledige personar i heile regionen (Bjørnafjorden, Samnanger og Austevoll). Pr. oktober 2020 har vi rundt 400 delvis ledige berre i Bjørnafjorden. Kjem desse til å koma tilbake i full jobb, eller bli oppsagt?

Å få unge, som står utanfor arbeidslivet, inn i arbeid er ei utfordring, som kommunen og næringslivet i samarbeid prøver å gjera noko med, m.a. gjennom ordninga «Jobb Loop».

#### **POTENSIAL:**

- Lyseparken – vårt store nye landbaserte næringsområde
- Samnøy industriområde ved sjø, med djupvasskai
- Grøn Bjørnafjord-prosjektet: Leggja til rette for at næringslivet kan satsa meir på grøn næringsutvikling, og utvikla grøn konkurranseskraft i samspele med eit breitt fagleg nettverk. Fylkeskommunen har innvilga nesten 800 000 kr til prosjektet.
- Bjørnafjordkonferansen – møteplass for næringsdrivande, politikarar og gründarar for å forma vekst og utvikling rundt Bjørnafjorden.
- Bjørnafjorden næringsråd som viktig samarbeidsaktør for næringsutvikling.
- Kulturarbeidsplassar/turistnærer: Vidareutvikling av verdsarven vår oselvaren og Oselvarverkstaden.
- Bjørnafjorden gründerpark – på begge sider av fjorden. Støtta kreativitet og innovasjon: Ungt entreprenørskap i samarbeid med skulane i Bjørnafjorden.
- TAF-tilbod på vidaregåande skular i Bjørnafjorden – utdanningsløp som kombinerer teoretisk utdanning med arbeid i lokale bedrifter (TAF-mekanisk, TAF-marin, TAF-helse og TAF-restaurant- og matfag).

#### **BEHOV FOR PLANAR OG UTGREIINGAR:**

Strategisk næringsplan, endra områdeplan for Samnøy industriområde, KLEM-plan, landbruksplan, KDP for tidlegare Os kommune, strategi for nærings- og miljøtiltak i skogbruket, og for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL), plan for skogsbilvegar, KPS+KPA for Bjørnafjorden.

#### **Transport og infrastruktur**

Bjørnafjorden kommune er delt av ein fjord. Via landevegen må vi gjennom ein annan kommune, Samnanger, for å koma frå den eine delen av kommunen til den andre. Å binda kommunen saman kommunikasjonsmessig er ei viktig oppgåve.

Å sikra trygg, god og berekraftig infrastruktur for innbyggjarane er ei utfordring som gjeld både for samferdsel, vatn og avløp – og som krev god planlegging. Folkeauken krev ei kontinuerleg oppgradering og utbygging av teknisk infrastruktur/veg, vatn, avløp (VVA), og det er ei utfordring å sikra at bustad- og næringsutbygging skjer i område der infrastrukturen er tilrettelagd.

På transportområdet handlar det om framkomeleghet og mobilitet, veg og parkering, om effektiv arealbruk, tilfredsstillande kollektivtilbod på land og på sjø, og tilrettelegging for syklande og gåande. Det handlar om korleis, og kvar, vi kan nå nullvekstmålet for persontransport med bil. Kvar kan vi redusera biltrafikken, og korleis kan vi finna mest mogleg berekraftige løysingar for dei delane av kommunen der innbyggjarane er avhengige av privatbil for å koma seg fram? Og det handlar om både dei store prosjekta og dei mindre, som er viktige for folk i kvardagen. Vegnettet må oppgraderast i samsvar med den store folkeveksten og utbygginga av nye bustadområde på Os-sida: tilstrekkeleg dimensjonering av vegane, og fortau/sykkelvegar for mjuke trafikantar. Det er behov for å sjå sykling, gåing og kollektivtilbod under eitt i ein felles strategi.

Trygg trafikk er ein del av utfordringsbiletet, ikkje minst for dei mjuke trafikkantane. Elevar på begge sider av fjorden har identifisert ei rekke risikoar for skadar og trafikkkulukker på skuleveg. Dei etterlyser fleire gang- og sykkelvegar, overgangsfelt, fortau og veglys, betre kvalitet på veglys ved gang- og sykkelvegar og mellom bustadområde og skule/busstopp.

## Vassforsyning og avløpshandtering

Å levera godt og nok vatn til innbyggjarane, og trygg og effektiv vassforsyning er målet. Oppdaterte hovudplanar er det viktigaste verktøyet for å sikra trygg og god vassforsyning og avløpshandtering. Drikkevatnet i Bjørnafjorden kommune held god kvalitet. Det blir jobba med å få ned vassforbruket. På austsida av fjorden får berre ca. 1/3 av innbyggjarane vatn frå kommunale vassverk. Elles sørger private vassverk og private brønnar for vassforsyninga.

Det er ei utfordring å greia å byggja ut og rehabilitera VA-anlegg og leidningsnett i samsvar med regelverk og kapasitetsbehov både i eksisterande og nye utbyggingsområde. Utbyggingsavtalar for å sikra privat kapital inn i arbeidet med å utbetra kommunal infrastruktur er ein del av biletet. Det same er nok ressursar og effektiv drift av VA-anlegga.

Det nye hovudavløpsreinseanlegget på Os, OHARA, vart sett i drift i november 2019. Over 90 % av tidlegare avløpsmengde på Os-sida blir no transportert dit, og i tillegg er to mindre anlegg planlagt overført til OHARA. På austsida av fjorden er det behov for oppgradering av fleire av dei kommunale anlegga. Prioritering må gjerast i ny KDP for avløp. Målet er at alle innbyggjarane skal vera tilknytt berekraftige avløpssystem (oppsamling, reinsing, utslepp) – for å hindra miljøulemper og brot på naturtologrenser.

## Digital infrastruktur

Breiband er godt utbygd i Bjørnafjorden kommune, og dei fleste innbyggjarane har tilfredsstillande breibandsdekning. Det vart gjennomført ei kartlegging i sommar, og på vestsida av fjorden står det att litt restutbygging. På austsida er dekninga svært god – Fusa hadde 3. best utbygde breiband i landet i 2019, i følgje Nasjonal kommunikasjonsmyndighet si oversikt.

### **POTENSIAL:**

– Ny E39 Svegatjørn-Rådal opnar i 2022. – Kollektivsentral på Osøyro. – Byvekstavtalen gir Bjørnafjorden midlar til samferdselstiltak. – Utbetring av fv 552 mellom Osøyro og Eikelandsosen.

### **BEHOV FOR PLANAR OG UTGREIINGAR:**

Trafikksikringsplan, beredskapsplan for vatn og avløp, KLEM-plan, KDP for vassforsyning og avløp, IT-strategi, strategi for grøn mobilitet og infrastruktur (sykkel-, gå-, kollektivstrategi), KommuneROS, KPS+KPA.

## 3.4.4 Treffsikre kommunale tenester

For at Bjørnafjorden kommune skal vera i stand til å gi innbyggjarane stabile og gode tenester både på kort og lang sikt, må vi sørga for at vi har ein berekraftig økonomi. På utfordringsblokka for heile den kommunale tenesteytinga står elles samsvar mellom folkeveksten og tilhøyrande auke i oppgåver; kommunal organisering og ressursbruk; meir fleksible løysingar og meir samarbeid på tvers av sektorane for å yta treffsikre, heilskaplege tenester; og kapasitet og kompetanse, dels spesialkompetanse for å møta spesielle behov. Ei anna utfordring for tenestene våre er å rekruttera og halda på nok fagfolk, i konkurransen både med Bergen, andre kommunar og privat næringsliv. Her ser vi behov for ein rekrutteringsstrategi.

### God helse og livskvalitet for alle, uansett alder


Ved starten på den nye kommunen var det 1559 brukarar av helse- og velferdstenester i Bjørnafjorden kommune. Det er stor vekst i tenestebehovet pga. aldring og tilflytting: Fleire med demens, fleire med rus- og psykiske helseutfordringar, fleire unge og vaksne med omfattande, livsvarige hjelpebehov. I tillegg kjem fattigdom, aukande forskjellar og behov for meir differensierte butilbod. Det er behov for ein sektorplan for helse- og velferd, der vi ser tenestene våre i samanheng, følgd av handlingsplanar for ulike tenester.

1.1.2020 var det 948 innbyggjarar i Bjørnafjorden som var 80 år eller eldre. Hovudprognosene frå SSB seier at dette talet

kjem til å auka med 727 personar eller 77 % frå 2020 til 2030. Pr. første halvår 2020 hadde 40 % i denne aldersgruppa ei eller anna form for helseteneste. Det aukande talet, og den aukande delen innbyggjarar over 80 år medverkar til å auka behovet for universell utforming, nytenking kring tenestetilbod og planlegging for eit alders- og demensvenleg samfunn.

Omsorgstrappa illustrerer hjelpebehov og tilbod innan omsorgstenestene. Kvart trinn representerer omfanget av behov for hjelp og kva tilbod innbyggjarane kan få i Bjørnafjorden kommune. Frå førebyggjande og helsefremjande tiltak på nedste trinn for dei som klarer seg godt sjølv, via litt hjelp og ein fase der ein er avhengig av hjelp for å kunna bli buande heime, til ein fase med behov for korttidsopphold på sjukeheimen. På øvste trappetrinn er tida då ein treng hjelp til det meste og bur

fast på institusjon eller i omsorgsbustad. For å kunna nytta potensialet i «Omsorgstrappa» og tilretteleggja for at folk kan bu heime så lenge det er forsvarleg, må ein del faktorar vera på plass: Tilstrekkeleg kapasitet og rett kompetanse innan tenester i heimen, diagnoseuavhengige avlastingstilbod til føresette/pårørande, auka kapasitet på aktivitetstilbod som dagsenter (inkl. transport til/frå) og støttekontaktttilbod, styrka kvardagsrehabilitering og kartleggingsteam.



**Differensierte butilbod:** Det er mangel på kommunale bustader. Det er behov for å sjå på heile bustadporteføljen og bustadprogrammet for Bjørnafjorden kommune, for å få på plass eit godt kvalitetssikra system for alle brukargrupper.

## 3 GOD HELSE OG LIVSKVALITET



Det er behov for ei diagnoseuavhengig buretteiingsteneste og fleire bustader med moglegheit for heildøgns omsorg for både eldre og yngre. Unge vaksne med rusproblem treng differensiert bustad, forsterka bustad og treningsbustad.

**Legevakt og legeteneste:** Koronapandemien har stilt store krav til helse- og omsorgstenestene, både når det gjeld testing, oppfølging av smitta, smittesporing og karantene, innkjøp av smittevern-utstyr, nye planar og rutinar, handheving av smittevernreglar og oppfølging av nasjonale og lokale vedtak for å verne institusjonane våre og sårbare grupper i samfunnet mot smitte. Pandemiplanen må rullerast for å omfatta vaksineringsrutinar, når vaksine er utvikla. Vi må vera førebudde på at det kan koma pandemiar av ulike typar framover. Kommunelegefunksjonen er svært viktig for å handtera dette, og det må lagast plan for helsemessig og sosial beredskap for Bjørnafjorden kommune. Vi har vanskar med å rekruttera fastleggar og legar til kommunale oppgåver som sjukeheim, helsestasjon, legevakt. Bemanningsutfordringa er spesielt stor ved legevaktstasjonen i Eikelandsosen. Kommunen skal ha ein plan for legetenester, jf. rammeavtalen mellom KS og legeforeininga.

## Folkehelse

Kommunen skal ha ei løpende oversikt over folkehelseutfordringar og utvikling, jf. kap. 2.4. Det skal lagast ny folkehelserapport kvart 4. år. Her følgjer funn frå gjeldande rapport.

**Kosthald, levevanar, fysisk aktivitet:** Både ungdom og vaksne har betydelege kosthaldsutfordringar i form av for høgt inntak av sukker, salt og metta feitt, men for lågt inntak av frukt, grønsaker, fisk og grove kornprodukt. Gratis skulefrukostordning er sosialt utjamnande. Vi har hatt skulefrukost på ein av skulane våre. Mange barn opp til ungdomskulenivå er fysisk aktive, men delen som er fysisk aktiv går betydeleg ned frå 15-årsalderen. Vi har ein større del gutar 17 år med fedme enn landsgjennomsnittet. Det er no svært få unge menneske som røykjer dagleg. Også bruk av alkohol som rusmiddel har minka litt over tid, og debutalderen har auka.

**Helsetilstand:** Venta levealder for menn er høgare enn landssnittet. Det er fleire som blir sjukehusinnlagt eller dør av hjarte- og karsjukdommar enn landssnittet. Ein større del vert også innlagt med KOLS, og eit fleirtal av desse er menn. Det er ein høgare del kvinner med kreft enn landssnittet. Muskel- og skjelettplager er den største enkeltårsaka til sjukefråvær frå arbeidslivet i Noreg. Også i vår kommune opplever mange rygg- og nakkeplager, men vi ligg noko under landssnittet. Det er høg bruk av reseptpliktige smertestillande middel, og utskrivningsnivået for antibiotika ligg over landssnittet.

**Psykisk helse:** Ungdom frå lågare sosiale lag har meir psykiske helseplager enn ungdom frå høgare sosiale lag. Dei som slit på nokre område, slit ofte på fleire område. Det er ein klar kjønnsskilnad, der jentene rapporterer om klart meir plager enn gutane, og det har vore ein klar auke dei siste åra.

## POTENSIAL:

- Bruka omsorgstrappa til tildeling av tenester på rett nivå.
- Heilskaplege tenester og samarbeid på tvers av eininger og fagområde.
- Kommunal bemanningssentral, praksisplassar for flyktningar og helserekruttar gjennom «Menn i helse»-programmet.
- Innovasjon, digitalisering og velferdsteknologi.
- Satsa på meistring, helsefremjing og frisklivstenester til førebygging av livsstilssjukdommar.
- Leve hele livet-reforma (2019-2023), planleggja og tilretteleggja for eit alders- og demensvenleg samfunn.

## BEHOV FOR PLANAR OG UTGREIINGAR:

Sektorplan for helse og velferd. Handlingsplanar mot barnefattigdom, vald i nære relasjonar, for førebygging av sjølvmord og oppfølging av pårørende, psykisk helse og rus, rehabilitering, integrering og busetjing av flyktningar, bustadsosial handlingsplan. Plan for helsemessig- og sosial beredskap, rulling av pandemiplan, plan for psykososialt kriseteam, plan for legevakt og legetenester. Folkehelseoversikt og utgreiingsarbeid for helse- og velferdsplan. Rekrutteringsstrategi.

## **4 GOD UTDANNING**



### **God utdanning og livslang læring for alle**

Vi har sett i folketalsprognosane i kap. 3.1 at prosentdelen barn- og unge går ned i Bjørnafjorden kommune. Dersom prognosene med høg folkevekst slår til, vil barnetallet gå opp samla sett. «Alle barn er våre barn» er utgangspunktet vårt, og livsmeistring for barn og unge er tema både i barnehage og skule.

Vi har 24 barnehagar i kommunen – 8 kommunale, 15 private og ein privat open barnehage. Samla opptak 2020 viser overkapasitet på barnehageplassar.

Det er 17 barneskular i kommunen – 14 kommunale og tre private (ein friskule og to montessoriskular på austsida av

fjorden) – tre ungdomsskular og fire vidaregåande skular (ein privat). I tillegg har vi vaksenopplæring og kulturskule.

Barnehage og skule er viktige arenaer for utjamning av sosiale forskjellar. Det er godt dokumenterte samanhengar mellom utdanningsnivå, materielle levekår og helse. Det er eit mål å sikra at alle barn og unge i Bjørnafjorden gjennomfører vidaregående opplæring, slik at dei kvalifiserer til eit godt vaksenliv med deltaking i samfunns- og arbeidsliv.

**Skule:** Elevundersøkinga visar at dei aller fleste av elevane våre trivst på skulen, har venner og er aktive på fritida. Vi har over tid hatt gode skuleresultat etter endt ungdomsskule målt med grunnskulepoeng. Elevane våre har hatt høg grad av gjennomføring i vidaregåande skule.

Tilstandsrapport for barnehage og skule 2020 viser at vi ligg under nasjonalt nivå på nasjonale prøvar i lesing, rekning og engelsk på 5. og 8. trinn. Resultatet er svakast i lesing. Vi har likevel god utvikling frå barnetrinnet til ungdomstrinnet når det gjeld nasjonale prøvar. Vi har tru på at satsinga på tidleg innsats 1. til 4. trinn vil bidra til betring av resultata. Det ligg eit potensial i å få alle skulebiblioteka meir involverte og sentrale i satsingsområdet lesing og skriving.

Vi er i gang med ein satsing omkring skulenærvær/fråvær, for å sikra felles system og rutinar for fråvær og oppfølging for å identifisera og handtera dette problemet. Tiltakspakka «Sjåast i morgen» (SIM) vil bli oppdatert og implementert i alle skular.

I folkehelseoversikta/Ung data kom det fram at ein del av ungdommene våre er plaga av einsemd. Det er om å gjera å fanga opp sårbare elevar tidleg. Livsmeistring er ei tverrfagleg satsing på oppvekstområdet, der det å høyra til og vera ein del av eit fellesskap er eit fokusområde.

#### **POTENSIAL:**

- Tverrfagleg arbeid med barn sine levekår og barnefattigdom.
- Felles satsingsområde i alle skulane i den nye kommunen: Tidleg innsats 1.-4. trinn, begynnaropplæringa.
- Mange lærarar tar vidareutdanning.
- Ressursteam på alle skulane.
- Ung Arena.
- Ny læreplan med livsmeistring og medborgarskap som tverrfaglege tema.
- Ungdomsskulane er MOT-skular og har eit eige psykisk helse-prosjekt kvar haust.
- Vidareføra satsinga på arbeidet med nærvær og fråvær, og meistringsteam.
- Kulturskulen som ressurs.

#### **BEHOV FOR PLANAR OG UTGREIINGAR:**

Handlingsplan mot barnefattigdom, sektorplan for oppvekst, skulebruksplan, barnehagebruksplan, KPS for Bjørnafjorden. Tilstandsrapport for barnehage og skule. Tilstandsrapport for barnevern.

# **4. PLANBEHOV I PERIODEN 2020-2024**

Plan og bygningslova (pbl) er styrande for svært mykje av planarbeidet i kommunane. Planarbeid er utviklingsarbeid. Og planarbeid er ein prosess, som skal sikra at vi som kommune er opne og føreseielege, og at det blir lagt til rette for medverknad for alle berørte interesser og myndigheter. I all planlegging skal vi ivareta prinsippet om universell utforming, estetisk utforming av omgivnadane, og omsynet til gode oppvekstvilkår for barn og unge.

I Utviklingsplan for Vestland er det slått fast at «forsking og erfaring viser at å rette innsatsen mot få langsigte mål, kläre strategiar og kontinuerleg oppfølging, er det beste utgangspunktet for å lukkast med utvikling».

Dette må vi ha med oss når vi prioriterer kva planar vi skal laga i Bjørnafjorden kommune i denne perioden, og i arbeidet med desse planane.

## **4.1 Medverknad i planarbeid**

Målet med medverknad er både auka kvalitet i kunnskaps- og vedtaksgrunnlag, demokratiutvikling, forankring og eigarskap, og styrking av stadidentitet.

Brei, aktiv involvering får fram behov, interesser og kunnskap som kan ha betydning for val av mål, strategiar og satsingsområde. Openheit og involvering gir grunnlag for at så mange interesser som mogleg blir høyrd. Innsyn i planprosessane kan skapa forståing, styrkja tilliten og demokratikompetansen. Politisk og tverrfagleg involvering i kommuneorganisasjonen, involvering av innbyggjarar og lokalsamfunn, og av andre forvaltningsnivå, skaper større engasjement, meiningsbryting, medansvar, legitimitet og gjennomføringskraft.

God bygde- og stadutvikling handlar mykje om å byggja vidare på dei kvalitetane som allereie er der. Inngåande lokalkunnskap er difor grunnleggjande for sjå kva som fungerer godt, eller har viktig identitetsskapande potensial. Slik kunnskap kan hentast inn gjennom aktiv dialog med innbyggjarane.

Innbyggjarmedverknad og medverknad frå andre målgrupper kan gi betre forankring og eigarskap til planar, styrkja tilhøyrigheita til kommunen og auka sjansen for vellukka resultat innan bygde-/stadutvikling, samfunns- og tenesteutvikling.

Vi har laga ei sjekkliste for planarbeid i Bjørnafjorden kommune, som òg inneholder strategi for medverknad. Den er å finna i kommunen sitt kvalitetssystem.

## **4.2 Plantypar og plansystem i Bjørnafjorden kommune**

### **KOMMUNEPLANEN – samfunnsdel (KPS) og arealdel (KPA)**


Kommuneplanen er heimla i plan- og bygningslova (pbl) § 11 og skal vera Bjørnafjorden kommune sitt overordna og viktigaste strategiske styringsdokument. Den skal ha eit 12-årsperspektiv og omfattar ein samfunnsdel med handlingsdel, og ein arealdel. Under arbeidet med kommunal planstrategi kvart 4. år skal kommunen vurdera om det er nødvendig å rullera heile eller delar av kommuneplanen.

**Samfunnsdelen** skal vera retningsgjevande for kommunen sin politikk i planperioden og skapa grunnlag for dei andre planane våre. Her skal vi finna visjon for utviklinga av Bjørnafjorden, tydelege satsingsområde og strategiar. Dette omfattar òg føringar for arealbruken i kommunen.

**Handlingsdelen** til kommuneplanen er knytt til kommunen sin økonomiplan. Her finn vi prioriteringar – både av mål, tiltak og kroner – og tildeling av ressursar, fordelt på driftsbudsjett og investeringar. Prioriteringane skal vera ei oppfølging av satsingsområde i kommuneplanen, og av handlingsmål og prioriterte tiltak på tenesteområda. Handlingsdelen med økonomiplan gjeld for fire år, men blir rullert årleg (årsbudsjett/mål/tiltak). *Det skal vera råd å sjå korleis prioriteringar i samfunnsdelen er følgde opp, når vi les handlingsdel med økonomiplan.*

Tenesteområda rapporterer på måloppnåing og økonomi i årsmelding og årsrekneskap.

**Arealdelen** skal visa hovudtrekka i arealbruken i Bjørnafjorden, både no og i framtida. Han gir rammer og vilkår for nye tiltak, ny arealbruk og kva omsyn som må takast. Saman med føresegnene er arealplankartet juridisk bindande.



Mellan den overordna, strategiske kommuneplanen og handlingdelen med økonomiplan, ligg nokre «lag» med meir detaljerte planar. På samfunnsplansida finn vi planar som gjeld samfunnsutvikling og kommunal tenesteyting, med strategisk utdjuping for sektorar og tema, og til slutt handlingsplanar med tilhøyrande delmål og tiltak. På arealplansida finn vi kommunedelplanar (KDP), område- og detaljreguleringsplanar. Sjå illustrasjon.

## KOMMUNEDELPLAN – KDP for tema og KDP for areal

Kommunen kan utarbeida kommunedelplanar for spesielle tema, sektorar eller avgrensa geografiske område. Tematiske kommunedelplanar kan lagast t.d. for særleg viktige politikkområde, eller der det er behov for sterk grad av medverknad frå befolkninga og berørte myndigheter. Det kan t.d. vera trafikksikringsplan, hovudplan for vatn og avløp, og klima-, energi- og miljøplan på «samfunnssida». På «arealsida» kan det vera for eit utvald tema innan arealplanlegginga, som t.d. akvakulturplan for Fusa, eller for ein geografisk del av kommunen, som arealplan for Os.

Planprosess, høyring, ev. konsekvensutgreiing og vedtaksprosedyrar for ein KDP må følgja retningslinjene i pbl. Det inneber m.a. krav til planprogram. Planperioden skal som hovudregel vera 12 år. KDP-ar bør vera overordna strategiske styringsverktøy som er fleksible og står seg over tid. Kvart 4. år skal det vurderast i kommunal planstrategi om det er behov for revisjon, forlenging eller utfasing. Tema-KDP-ar skal ha eit handlingsprogram som viser korleis planane kan gjennomførast. Behov for rullering av handlingsprogrammet blir vurdert årleg.

## **Kommunedelplan eller sektor-/temaplan?**

Når det gjeld samfunnsplanar, står vi friare til å velja kva type plan vi skal laga, dvs. om vi skal laga ein KDP eller ein sektor-/temaplan.

Fordi det er meir tid- og ressurskrevjande å laga ein KDP, anbefalar Bjørnafjorden kommune å velja ein sektor-/temaplan, dersom det ikkje er heilt nødvendig å laga ein KDP (lovkrav, nødvendig for å utløysa eksterne midlar, nødvendig for samordning med andre forvaltningsnivå (fylke, stat)).

**Sektorplanar** omfattar ein heil sektor og er den overordna strategiske planen for sektoren. I Bjørnafjorden kommune gjeld dette helse- og velferdsplan, oppvekstplan, og kulturplan.

**Temaplanar** kan vi laga for mindre fagfelt, tenesteområde, tema innan samfunnsutvikling, tverrfaglege tema osv. I Bjørnafjorden kommune gjeld dette t.d. landbruksplan, skulebruksplan, strategisk næringsplan og overordna beredskapsplan.

Nokre av desse planane er lovpålagde etter kommunelova eller sektorlover. Andre kan Bjørnafjorden kommune sjølv velja å utarbeida, på grunnlag av kommunal planstrategi eller kommuneplanen sin samfunnsdel. Dei skal innehalda ei strategisk utdjuping av overordna mål og satsingsområde, og sjå heilskap og samanhengar på tvers av fagfelt. For både sektorplanar og temaplanar bør planperioden vera 12 år. Spørsmål om behov for revisjon, forlenging eller utfasing skal vurderast i kommunal planstrategi kvart 4. år.

Sektor- og temaplanar skal ha ein handlingsdel/handlingsplan med delmål og tiltak for gjennomføring. Det skal vurderast årleg eller kvart 4. år om det er behov for å rullera denne.

Ved oppstart av planarbeid som ikkje blir utført etter pbl. og prosesskrava der, er det viktig med klare mandat som avklarar ansvar og roller, ressursbruk og oppfølging av planane. Mandat skal utarbeidast av prosjektleiar for planen og godkjennast av leiar eller kommunedirektøren si leiargruppe.

## **Strategi**

Ein strategi skal gi overordna retning for eit fagfelt eller område og peika ut vegval, satsingsområde og ev. mål. Han inneheld ikkje handlingsdel eller tiltak. Det bør likevel konkretiserast i strategien korleis han skal følgjast opp, t.d. med ein eigen handlingsplan.

## **Handlingsplanar**

Handlingsplanar skal innehalda mål og tiltak, dvs. handlingar som kan utførast. Dei kan vera sjølvstendige planar som er forankra i overordna plan eller strategi. Dei kan òg vera siste del av ein sektor- eller temaplan. Sjå illustrasjon på føregående side.

Oppdaterte rutinar/sjekklistar for korleis vi lagar ein sektor-, tema- og handlingsplan skal vera tilgjengelege i kvalitetssystemet for Bjørnafjorden kommune.

## **Reguleringsplanar**

På nivået under KDP på arealplansida finn vi dei ulike reguleringsplanane (sjå ill.). Dette kan vera områdeplanar/områdereguleringar som legg til rette for utvikling av større geografiske område, t.d. områdeplan for Eikelandsosen, områdeplan for Os sentrum, og detaljreguleringar for mindre område, t.d. utbyggingsprosjekt for bustadområde og vegstrekningar. Ein reguleringsplan er eit detaljert arealplankart med føresegner/bindande reglar for bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjevnader. Den kan vera laga i offentleg eller privat regi. I kommunal planstrategi for Bjørnafjorden er berre områdeplanar lista opp og ikkje detaljplanar.

Reguleringsplanane er heimla i pbl. § 12. Det skal lagast planprogram *dersom det er krav til konsekvensutgreiing* (– jf. Forskrift om konsekvensutgreiing av planar etter pbl. § 2e).

## **4.3 Politisk ansvar for kommunalt planarbeid**

Kommunal planlegging skal vera forankra i lokaldemokratiske organ i Bjørnafjorden kommune. Kommunelova, forskrift om medvirkningsordninger, og delegeringsreglementet i Bjørnafjorden kommune bestemmer kva utval og råd som har ansvar for kva oppgåver knytt til planarbeid.

### **Kommunestyret**

Vedtaksorgan.

### **Formannskapet**

Politiske leiings- og samordningsoppgåver. Strategisk planlegging og heilskapsplanlegging: kommunal planstrategi, samfunnsdelen av kommuneplanen og andre større planar som går på tvers av fleire sektorar, inkl. planar som gjeld overordna personalpolitikk og organisasjonsutvikling. Innstiller til kommunestyret. Leiar arbeidet med økonomiplanen og legg fram forslag til økonomiplan og årsbudsjett.

### **Plan- og bygningsutvalet (PBU)**

Arealplanlegging og div. anna planlegging etter plan- og bygningslova. Behandlar arealsaker etter plan- og bygningslov, jordlov og relaterte lover. Ansvarleg for arealdelen til kommuneplanen og rammeplanar for infrastruktur i samband med areal: avløp, vatn, energi, trafikksikring. Rapporterer og innstiller til kommunestyret.

### **Tenesteutvalet**

Skal vera det politiske organet som administrasjonen kan samhandla med når det gjeld utvikling av tenestetilbodet i kommunen, før saker eventuelt kjem til endeleg vedtak. Organ for idretts- og kulturføremål. Rapporterer til kommunestyret. Samfunnsdelen av kommuneplanen, kommunedelplanar for tema/verksemdsområde og planar for tenesteområda skal innom tenesteutvalet på veg til kommunestyret.

### **Ungdomsrådet**

Råd med eigne vedtekter. Skal fremja ungdommen sine interesser og tala deira sak i Bjørnafjorden kommune. Lagar årleg sin eigen handlingsplan, som går til kommunestyret til orientering. Har uttalerett i alle saker som vedkjem ungdom, medrekna plansaker. Rådet skal motta saker på eit så tidleg tidspunkt i saksbehandlinga at det har høve til å påverka saka.

### **Eldrerådet**

Rådgjevande organ som skal ha alle saker som gjeld levekår for eldre i kommunen, til behandling. Skal sikra at eldre innbyggjarar sitt syn i saker som vedkjem dei, blir tatt med når avgjerder blir fatta. Har uttalerett i plansaker som vedkjem eldre. Rådet skal motta saker på eit så tidleg tidspunkt i saksbehandlinga at det har høve til å påverka saka.

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne**

Rådgjevande organ som skal ha alle saker som gjeld levekår for menneske med nedsett funksjonsevne i kommunen, til behandling. Skal sikra at innbyggjarar med nedsett funksjonsevne sitt syn i saker som vedkjem dei, blir tatt med når avgjerder blir fatta. Har uttalerett i plansaker som vedkjem menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet skal motta saker på eit så tidleg tidspunkt i saksbehandlinga at det har høve til å påverka saka.

## **4.4 Kva planar treng vi i Bjørnafjorden 2020-2024?**

Vi prioriterer å gjennomføra dei ulike planarbeida i riktig og fornuftig rekkefølgje, for å gjera det meir effektivt. Vi startar i størst mogleg grad med dei overordna planane for den nye kommunen vår og forankrar temaplanar, handlingsplanar og strategiar i dei. Slik får vi mindre omfattande plandokument og raskare planprosessar lenger nede i planhierarkiet, der dei fleste planane høyrer heime. I tillegg sikrar det samanheng og heilskap i planane våre.

### **Vi prioriterer planar som er**

- forankra i berekraftsmåla
- lovpålagde
- svar på lokale utfordringar – både noverande og forventa framtidige utfordringar
- nødvendige for å realisera noko vi *vil* og *kan* få til i Bjørnafjorden (utviklingsmoglegheit/potensial)
- nødvendige for å utløysa eksterne midlar.

### **PLANTABELL: PLANARBEID 2020-2024**

Sjå neste side.

## PLANARBEID 2020-2024

Plan	Under arb./ venta ferdig 2021	Start 2021	Start 2022, 2023	Gjeld periode	Heimel	Berekraftsmål (BM)	Ansvar	Merknad	Kriterium for prioritering
<b>KOMMUNEPLANAR (3)</b>									
Samfunnssdelen av kommuneplan for Bjørnafjorden (KPS)		X		2023-2035	PBL	9, 11, 13	Stab/Kvalitet +Samf./Plan		Lovkrav, lokale behov og potensial, BM
Arealdelen av kommuneplan for Bjørnafjorden (KPA)			X	2025-2037	PBL	9, 11, 13	Samf./Plan		Lovkrav, lokale behov og potensial, BM
Handlingsdel med økonomiplan	X	X	X	4 år	PBL, kommunelova	9, 11, 13 +	Økonomi	Tverrsektoriell. Årleg rullering.	Lovkrav, lok. behovl, BM
<b>KOMMUNEDELPLANAR (KDP) - tema og areal (4)</b>									
Arealdelen av kommuneplanen for tidl. Os kommune	X			2021-2033	PBL	9, 11, 13,	Samf./Plan	"Kommuneplanens arealdel Os", som ikkje vart vedtatt før kommunesamanslåinga, blir no ein KDP i Bjørnafjorden. Venta vedtatt 2021.	Lovkrav, lokale behov/potensial, BM
Trafikkiksikringsplan for Bjørnafjorden	X			2021-2033	PBL, rettleiar frå Trygg trafikk, føringar frå regionalt nivå	9, 11	Samf./VA	I samarbeid med konsulentar frå ABO. Er i gang med ny plan som byggjer på eksisterande planar for Os og Fusa.	Lokale behov, BM, føresetnad for eksterne midlar, lov pål.
KDP for klima, energi og miljø (KLEM-plan) for Bjørnafjorden	X			2021-2033	Statlige planretningslinjer for klima- og energi-planlegging og klimatilpasning/KL/PBL	3, 7, 11, 13, 14, 15	Samf./Plan	Ny plan for heile Bjørnafjorden, som byggjer på ikkje-vedtatt KLEM-plan for Os. Rullering av tiltaksdelen kvart 4. år.	BM, lokale behov, føresetnad for eksterne midlar
KDP for vassforsyning og avløp		X		2022-2034	Drikkevassforskrifta, sivilbered-skapslova, forureiningslova, PBL	6, 3	Samf./ S&VA/ Prosj.	I samarb. med konsulent. Byggjer på planar for Os og Fusa. Omfattar to fagomr. med ulikt innhald/premissar, som bør sjåast i samanh. Separate tiltaksdelar.	Lokale behov, BM, lovkrav
<b>SEKTOR- og TEMAPLANAR m/handlingsdel (8)</b>									
Helse- og velferdsplan for Bjørnafjorden kommune (sektorplan)		X		2022-2034	Helse- og omsorgstjenesteloven	3, 1, 2, 9, 10, 11	Helse og velferd	Overordna plan for denne sektoren	Lokale behov, BM
Oppvekstplan for Bjørnafjorden kommune (sektorplan)		X		2022-2034		1, 2, 3, 4, 5, 8, 11, 13	Oppvekst	Overordna plan for denne sektoren	Lokale behov, BM
Skulebruksplan for Bjørnafjorden kommune		X		2021-2033		4, 1, 3, 5, 7, 8, 9, 10, 11, 12, 13	Oppvekst/ skule	Utviding og oppdatering av gjeldande skulebruksplan for Os frå 2018.	Lokale behov, BM
Barnehagebruksplan for Bjørnafjorden kommune		X		2021-2033		4, 1, 3, 5, 7, 8, 9, 10, 11, 12, 13	Oppvekst/ barnehage		Lokale behov, BM
Sektorplan for kultur, idrett og friluftsliv		X		2023-2035	Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idr. og fys. akt. 2020 frå KD	1, 3, 4, 8, 10, 11, 13	Samf./ Kultur	Overordna plan for kulturområdet, samlar planar for fleire omr. Årl. rullering av tiltaksdel fys.ak., idr. og friluftsliv., gr.lag for anleggsutvikl. og tildeling av statl. spelemidlar. Byggjer på planar for Os og Fusa.	Føresetn. for statl. midlar, BM, lokale behov.
Strategisk næringsplan for Bjørnafjorden kommune	X			2021-2033		4, 8, 9, 10, 12, 13	Samf./ Næringer		Lokale behov/potensial, BM
Landbruksplan for Bjørnafjorden kommune	X			2021-2033		2, 3, 6, 8, 9, 13, 15	Samf./ Landbr.		Lokale behov, BM
Arkivplan for Bjørnafjorden kommune	X			2020-2033	Arkivlova		Stab/ Dok.senteret	Blir oppdatert fortløpende for å ta opp i seg endringar på området. Omfattar bevaring- og kassasjonsplan.	Lovkrav, lokale behov

Plan	Under arb./ venta ferdig 2021	Start 2021	Start 2022, 2023	Gjeld periode	Heimel	Berekrftsmål (BM)	Ansvar	Merknad	Kriterium for prioritering
<b>BEREDSKAPSPLANAR (7)</b>									
Pandemiplan – rullering (vaksinerutinar og -prioriteringar)	X				Smittevernlova, helse- og sosialtjenesteloven	3	H&V/Komm.-overlegen	Oppdatering i samsvar med utviklinga i koronapandemien, leggja til plan for vaksinering	Lokalt behov, BM, lovkrav
Plan for helsemessig og sosial beredskap		X			Helseberedsk.l., forskrift om krav til beredsk.planl. og -arb.	3	H&V/Komm.-overlegen		Lovkrav, BM
Plan for psykososialt kriseteam i Bjørnafjorden kommune		X			Helseberedskapsloven, beredskapsforskrift	3, 5	Helse og velferd	Skal bygga på eksisterande plan og rutinar frå Fusa og Os	Lovkrav, BM, lokalt behov
Beredskapsplan for vatn og avløp	X			årleg rev.	Helseberedskapsloven, drikkevannsforskriften	6, 3	Samf./Samferdsel&VA	Bygger på tidl. planar for Os og Fusa.	Lovkrav, BM
Plan for brannordning i Bjørnafjorden kommune	X			2021-2031	Brann- og eksplosjonsvernlova + dimensjoneringsforskr.	3, 11	Samf./Brann		Lovkrav, lokalt behov, BM
Atomberedskapsplan for Bjørnafjorden kommune		X		2021-2031	Strålevernlova + kgl.res.2013	3, 11	Samf./Brann	Samordna eksisterande planar for Os og Fusa, og med FMVL.	Lovkrav, lokalt behov, BM
Overordna beredskapsplan for Bjørnafjorden kommune - rullering			X	årleg rev.	Sivilbeskyttelsesloven §§ 14-15 + forskrift om komm. b.plikt	3, 11, 13, 6, 7, 9, 12, 15, 16	Stab/Kvalitet – SSB	Etter at det er laga ny KommuneROS for Bjørarfjorden, sjå neste side (Overordna utgreiingar)	Lovkrav, lokalt behov, BM
<b>STRATEGIAR (7)</b>									
IT-strategi for Bjørnafjorden kommune	X			2021-2025	Nasj. strat. for digital sikkerhet, pers.opplysn.l. + sikkerhetsloven	9	Stab/IT		Lokalt behov, lovkrav, BM
Grøn mobilitet og infrastruktur (sykkel-, gå-, kollektivstrategi)	X			2020-2022	KLEM	3,9,11,12,13, 15	Samf./Plan	Det er behov for å sjå sykling, gåing og kollektivtilbod under eitt i ein felles strategi.	Lokalt behov, BM, føresetnad for tilskot
Strategi for hjorteforvaltning	X			2021-2031	Viltlova + Forskrift om forvaltning av hjortevilt	15, 2	Samf./Landbr.	Forvaltning av hjortevilt i Fusa, Os og Samanger.	Lokalt behov
Strategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)	X			2021-2024	Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket	3, 6, 9, 13, 15, 17	Samf./Landbr.	For å prioritera lokale prosjekt og tiltak.	Føresetnad for tilskot, lokalt behov, BM
Strategi for heilskapleg utvikling av nærsenter/bygdesenter		X		2021-2025		11, 3, 9, 13, 15	Samf./Plan		Lokalt behov, BM
Rekrutteringsstrategi		X		2021-2025		3, 4, 8, 11	Personal	Korleis rekrutterta fagfolk i konkurranse med andre komm.? Sektorovergripande.	Lokalt behov
Strategi for nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)			X	2023-2030	Forskrift om miljøtiltak mv. i skogbruket	3, 6, 9, 13, 15, 17	Samf./Landbr.	Krav i forskrifta om overordna retningslinjer for prioritering av søknader.	Lokalt behov, BM, føresetnad for tilskot
<b>AREALPLANAR: Områdeplanar (3)</b>									
Områdeplan for Samnøy ind.område - endring	X				PBL	9	Samf./Plan	Endring av vedtatt plan frå 2018. Vedtak 2021.	
Områderegulering Os sentrum	X			2021-2033	PBL	3,6,7,9,11,12,13	Samf./Plan	Venta vedtatt 2021.	
Områdeplan Strandvik	X			2021-2033	PBL	3,6,7,9,11,12,13	Samf./Plan		
<b>HANLINGSPLANAR (10)</b>									
Handlingsplan mot barnefattigdom	X			2021-2025	Politisk bestilling, folkehelseoversikta	1, 3, 4, 8, 10, 11	Oppv., H&V, kultur m.fl.	Tverrfagleg.	BM, lokalt behov
Handlingsplan mot vald i nære relasjoner	X			2021-2025	Krisesenterlova	3, 5, 16	Helse og velferd	Nasjonal forventning som truleg blir lovfesta.	BM
Handlingsplan for førebygging av sjølvmord og oppfølging av pårørende		X		2021-2025	Politisk bestilling	3	Helse og velferd	Sektorovergripande	Lokalt behov, BM

Plan	Under arb./ venta ferdig 2021	Start 2021	Start 2022, 2023	Gjeld periode	Heimel	Berekraftsmål (BM)	Ansvar	Merknad	Kriterium for prioritering
Hovudplan for skogsbilvegar		X		2021-2029		9	Samf./Landbr.	Prinsipp for prioritering av tilskot + årleg prioritiseringsdel.	Lokalt behov, BM
Bustadsosial handlingsplan			X	2022-2026	Sosialtenestelova, Husbank-forskr.	1, 3, 10	Helse og velferd	Handlingsplan til sektorplan for helse og velferd. Føresetnad for tilskot frå Husbanken. Kopla opp mot øk.plan/investeringsbudsjett.	Lok. behov, BM, føresetn. for eksterne midlar
Plan for legetenester og legevakt			X	2022-2026	Avtalefesta (ASA 4310)	3	Helse&velf.	Handlingsplan til sektorplan for helse og velferd. Avtale mellom KS og Den norske legeforening.	Lok.behov, BM, avtalefesta
Handlingsplan psykisk helse og rus			X	2023-2027	Folkehelserapporten	3	H&V/Rus og psykiatri	Handlingsplan til sektorplan for helse og velferd. Skal omfatta både tidl. rusmiddelpolitisk handlingsplan og strategi mot overdose.	Lokalt behov, BM
Handlingsplan for rehabilitering			X	2023-2027	Forskr. om habilitering m.v.	3	H&V/Helse-fremming& rehabilitering	Handlingsplan til sektorplan for helse og velferd. Må involvera bhg. og skule. Forskrift om habilitering, rehabilitering, individuell plan og koordinator.	Lokalt behov, BM
Handlingsplan for integrering og busetjing			X	2023-2027	Introduksjonsloven	1, 3, 4, 8, 10, 11	H&V/Bustad og flyktning	Handlingsplan til sektorplan for helse og velferd. Flyktninger og arbeidsinnvandrarar.	Lokalt behov, BM
Veteranplan for Bjørnafjorden kommune			X	2023-2027	Politisk bestilling – sak 152/2020	3, 16	Helse og velferd	Tverrfagleg og sektorovergripande.	Lokalt behov, BM

#### OVERORDNA UTGREIINGAR, KARTLEGGINGAR, RAPPORTAR o.l. (11)

Levekår og helse i Bjørnafjorden kommune - folkehelseoversikt			X	2023-2026	Folkehelselova + forskrifter	3	Helse og velferd	Rullering kvart 4. år.	Lovpålagd, lokale utfordr., BM
KommuneROS Bjørnafjorden			X	2022-2026	Sivilbeskyttelsesloven + forskrift om kommunal beredskapsplikt	3, 11, 13, 6, 7, 9, 12, 15, 16	Stab/Kvalitet – SSB	Ny overordna ROS-analyse for Bjørnafjorden kommune m/utg.pkt. i eksisterande for Os og Fusa. Rullering min. kvart 4. år.	Lovpålagd, lokale utfordringar, BM
Tilstandsrapport for barnehage og skule	X	X	X	årleg	Opplæringslova, privatskulelova	4	Oppv./skule	Lovpålagd for skule.	Lovpålagd, BM
Tilstandsrapport for barnevern	X	X	X	årleg		3, 1	Oppv./barnev.		
Stadanalyse Nore Neset	X			2021-	KPA/KPS	3,6,7,9,11,12,1 3	Samf./Plan	"Veileddende plan for off. rom" (VPOR). Vil danna gr.lag for omr.pl./VPOR for andre vektsenter.	
Utgreiingsarb. Bjørnafjorden 22	X			2020-2022			Øk.+Stab	Inkl. kompetanseoversikt	
Utgreiingsarb. for helse- og velferdsplan		X				3, 1, 2, 9,10,11	Helse&velferd		
Dokumentasjons- og utgr.arb. for sektorplan kultur, idr. og friluftsliv	X					1, 3, 4, 8, 10, 11, 13	Samf./Kultur	T.d. kulturminneregistrering.	
Arbeidsmiljøkartlegging 10-faktor		X	X	kvart 2. år		3	Personal		
Barnetråkk- og eldretråkk-registrering			X	2022-2026		11, 3, 9, 13	Samf./Plan	Bør gj.førast kvart 4. år. Del av KPS/KPA-arb.	
Naturmangfaldsregistrering			2024	2024-	KLEM	14, 15	Samf./Plan	Oppdatera og kvalitetssikra for heile kommunen. Kunnskapsgrunnlag for KPA.	

# VEDLEGG

## 1. Kjelder

Bjørnafjorden kommune 2019: Strategidokument for Bjørnafjorden kommune –  
<https://bjornafjorden.kommune.no/politikk-og-organisasjon/styringsdokument/>

Bjørnafjorden kommune 2019: [Økonomiplan 2020-2023/Budsjett 2020 Bjørnafjorden kommune](#)

Deloitte, 2018: «Frå globale mål til lokal handling». Nordisk rapport 2018. –

<https://info.deloitte.no/rs/777-LHW-455/images/Fra-globale-mal-til-lokal-handlingpdf.pdf>

FN-sambandet: FNs berekraftsmål – <https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal?lang=nno-NO>

FN-sambandet: Berekraftig utvikling – <https://www.fn.no/tema/fattigdom/baerekraftig-utvikling>

Folkehelseoversikt: «Levekår og helse i Bjørnafjorden kommune –

<https://bjornafjorden.kommune.no/politikk-og-organisasjon/styringsdokument/folkehelseoversikt-for-bjornafjorden-kommune-2019-22/>

Fusa kommune 2011: Samfunnssdelen av kommuneplanen for Fusa 2011-2023

Fusa kommune 2015: KommuneROS Fusa 2015

Fusa kommune 2016: Kommunal planstrategi for Fusa 2017-2020

Kommunalbanken: Klimarisiko i kommunen – <https://klimarisiko.kommunalbanken.no/?#>

KMD, 2019: Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2019-2023.

Miljødirektoratet: Utslipp av klimagasser i kommuner –

<https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/klimagassutslipp-kommuner/?area=677&sector=-2>

Miljødirektoratet: Utslipp og opptak fra skog og arealbruk: For kommuner –

<https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/klimagassutslipp-arealbruk-kommuner/?area=677&sector=-3> – pr. 9.10.2020

Norsk klimaservicesenter, 2017: «Klimaprofil Hordaland. Eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing» –

[https://cms.met.no/site/2/klimaservicesenteret/klimaprofiler/klimaprofil-hordaland/\\_attachment/13183?ts=16243d9ca17](https://cms.met.no/site/2/klimaservicesenteret/klimaprofiler/klimaprofil-hordaland/_attachment/13183?ts=16243d9ca17)

NHOs kommune-NM 2020 – <https://www.nho.no/tema/offentlig-sektor-og-naeringslivet/kommune-nm/>

Os kommune 2015: Samfunnssdelen av kommuneplanen for Os 2015-2027

Os kommune 2016: Kommunal planstrategi for Os 2016-2020

Os kommune 2017: ROS 2017 Os kommune

Statistisk sentralbyrå (SSB): Kommunefakta Bjørnafjorden –

<https://www.ssb.no/kommunefakta/bjornafjorden>

Statistisk sentralbyrå (SSB): Statistikkbanken – [www.ssb.no](http://www.ssb.no)

Vareide, Knut S./Telemarksforsking 2019: Om kvifor stadar krympar eller veks – presentasjon for politikarar og administrasjon frå komande Bjørnafjorden kommune.

Vestland fylkeskommune 2019: Utviklingsplan for Vestland – høyringsutkast –

<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/planlegging/regional-planstrategi/hoyeringsutkast---utviklingsplan-for-vestland-2304w.pdf>


Vestland fylkeskommune: Vestland – utfordringar for fylket og regionane –

<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/statistikk-kart-og-analyse/rapportar-og-analysar/rapportar-og-analysar-etter-tema/areal-bustad-handel-og-plan/vestland-utfordringar1.pdf>

Vestland fylkeskommune: Vestland – statistikk og utviklingstrekk –

<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/planlegging/regional-planstrategi/vestland-statistikk-og-utviklingstrekk.pdf>

## 2. Tabell over gjeldande planar pr. 2020 ligg på [www.bjornafjorden.kommune.no](http://www.bjornafjorden.kommune.no)



**BJØRNA  
FJØRDEN**



KOMMUNE